Rammetilskotet var heilt etter regulert budsjett. Brutto inntektsskatt vart redusert vesentleg, men tek ein omsyn til inntektsutjamninga så vart det ein pluss på kr. 150.000,-. Skatteinngongen er redusert så mykje at vi no ligg under 100% av landsgjennomsnittet.

Konklusjon

Eg rår til følgjande:

Årsmeldinga for 2017 vert teke til vitande.



Foto: Anita Soltveit

Årsmelding 2017

Austrheim kommune

Innhold

Merknader frå rådmannen	4
Politisk organisering	5
Administrativ organisering	5
Overordna mål og måloppnåing:.....	6
Måloppnåing:	7
Administrasjon.....	8
Politikk	8
Samfunnsutvikling	9
Interkommunale samarbeidstiltak/avtaler	9
Samfunnstryggleik og beredskapsarbeid	11
Tilsyn i 2017.....	12
Driftsinntektene	13
Skatteinntektene	14
Økonomisk oversyn	15
Driftsutgiftene	16
Lønn og sosiale utgifter	16
Lønn og sosiale utgifter	16
Rekneskapsmessig resultat	18
Rekneskapsmessig resultat på ansvarsområda	18
Avvik i forhold til justert budsjett 2017	19
Investeringsregnskapet	19
Balanserekneskapet	19
Økonomi samanlikna med landet	20
Personalstatus	22
Sjukefråvær	22
HMT	23
AMU.....	23
Administrasjonsutval	24
Kompetanse.....	24
Samarbeid med tillitsvalde	24
Diskriminering og likestilling.....	25
Etikk	25
Startlån og tilskot på vegne av Husbanken.	25

Forvaltning av alkohollova 2017.....	26
Statistisk oversikt på arbeid, økonomi og folketal.	27
Arbeidsløyse	27
Skatteinntektene	28
Innbyggartal.....	29
Folketalsutvikling i regional sammenheng i Hordaland.....	30
Demografi og utvikling.....	30
Perlekjedekommunane nord og aust for framtidig Alver kommune.	31
Frivilligsentralen og Seniorsenteret	33
Folkehelsearbeidet	34
Kunsthuset i Austrheim	35
Oppvekst.....	35
Skular	35
Kaland barne-og ungdomsskule	38
Årås skule.....	40
Barnehagar	42
Austrheim Kystbarnehage	43
Kaland barnehage.....	47
Vaksenopplæringa:.....	48
Barnevern	50
Helseavdelinga.....	52
Pleie og omsorgstenesta 2017	54
NAV sosial	57
Kulturavdelinga.....	59
Landbruket i Austrheim - Landbruksfagrådet.....	63
Plan, byggesak, oppmåling og miljø	65
Teknisk drift	67

Merknader frå rådmannen

Austrheim Kommune er ei relativt stor verksemd med 258 årsverk(i 2016: 249 årsverk). Desse årsverka er innanfor eit mangfald av tenester som er viktige for lokalsamfunnet vårt. Økonomisk sett har 2017 vore eit dårleg år, med rekneskapsmessig underskot på kr. 2.1 mill.. Med utgangspunkt i at resultatet for 2016 var pluss 4,5 mill. så er dette svært skuffande . Budsjettet for 2017 gav store utfordringar då resten av det akkumulerte underskotet på kr. 3.700.000,- skulle inndekkast . Bakgrunnen for det dårlege resultatet er svikt i inntektene på eigedomsskatt, vesentleg auke i IKT kostnadene, auka kostnader til drift av barnehagane, auka kostnader innan barnevern og sosial. Ein konsekvens av dette er at Austrheim kommune vil havne på Robeklista.

For å kunne dekke det akkumulerte underskotet, er det satt i verk innsparingstiltak i 2018 som visseleg vil gje det nødvendige overskotet til å dekke inn underskotet. Men her kan det dukke opp mange uforutsette kostnader som gjer dette vanskeleg.

Austrheim kommune har i 2017 fått tilbake småkommunetilskotet. Prognosen i forhold til landsgjennomsnittet for skatteinntektene, er i åra 2013 118,9%, 2014 118,9% , 2015 109,9% og for 2016 var skattenivået på 115,6% i forhold til landsgjennomsnittet. I 2017 er vi under 100%.

I 2017 er det investert for kr. 34 mill. Dei største investeringsprosjekta er oppgradering av Kaland barne- og ungdomsskule og Årås skule, oppgradering av bygg , IKT skulane, Court Yard Kaland skule, nye bilar til heimesjukepleien, naust på Baløy, ny veg til Furuly og ny minibuss.

Fylkesmannen har uttrykt skepsis til kommunen sitt høge investeringsnivå, og at dette kan gå utover kommunen si drift i framtida. Ser vi på utviklinga for betaling av renter og avdrag for perioden 2012 – 2017, så er det ei nedadgåande kurve. I 2012 betalte vi kr. 8.068.000,- mens vi i 2017 betalte kr. 7.980.000,- i avdrag. Mens vi i 2012 betalte kr. 5.013.000,- i renter betalte vi i 2017 kr. 4.073.000,- i renter.

Med investeringar i 2017 har Austrheim kommune investert for over 628 mill. kr for perioden 1986 til i dag. I heile denne perioden har kommunen investert jamt kr. 20. mill. pr. år. Det er imponerende av ein liten kommune som Austrheim. Resultatet er at kommunen er godt stilt i høve til bygg, anlegg og vegar, men likevel er det store investeringsprosjekt som står att.

Utfordringa vidare er å få dekkja inn det akkumulerte underskotet og komme ut av Robeklista. Vi har hatt mange år med nedskjeringar i verksemda så det er begrensa kva vi kan redusere av tiltak.

Austrheim 03.04.2018

Jan Olav Osen
Rådmann

Politisk organisering

Kommunestyret for perioden 2015 - 2019

Arbeidarpartiet: Per Lerøy(Ordførar), Asbjørn Brandtun, Siri Kaland, Merethe Tresvik, Hardy Pedersen, Monika Thorpe, Trude Sleire og Tore Austrheim

Kristeleg folkeparti: Anne Dahle Austrheim(Varaordførar) og Randi Dyrøy

Senterpartiet: Reidar Øksnes

Høgre: Rikke Heldal Hope, Morten Sognnes og Viggo Leirvåg

Uavhengig: Jorund Stellberg

Venstre: Petter Skarnes Lerøy og Jan Erik Espelid


Einskilde politikarar har hatt permisjon i 2017.

Formannskapet for perioden 2015 – 2019

Per Lerøy (Ap), Anne Dahle Austrheim(Krf), Siri Kaland(Ap), Jorund Stellberg(Uavhengig) og Jan Erik Espelid (V)

I tillegg er det fylgjande utval i kommunen: Elderåd, ungdomsråd, kontrollutval, administrasjonsutvalet og landbruksfagråd.

Administrativ organisering





Ordførar, ein habil målskorar i sine velmaktsdagar har ikkje gløymt gamle kunstnar. Her frå opninga av ballbingen i Fønnesstraumen Bustadfelt. Foto: Anita Soltveit.

Overordna mål og måloppnåing:

Visjon for utvikling og vekst

Ein visjon kan definerast som eit framtidig bilete av korleis Austrheimsamfunnet skal bli. Visjonen kan vere eit uttrykk for innbyggjarane sine ynskjer, verdiar, behov og draumar.

Vår visjon er:

- Eit livskraftig kystsamfunn, kjend for havsport, med pulserande tettstad og aktive bygder.

Hovudmåla er:

- Austrheim skal verte ein meir attraktiv stad å bu, etablere bedrifter og besøkje.
- Austrheim skal utvikle seg til eit berekraftig og dynamisk område, i eller utanfor ei større kommunal eining.
- Austrheim skal utvikla seg vidare som eit livskraftig regionalt knutepunkt nord i Nordhordland.

Økonomisk rammer

Me vil at:

Kvaliteten på tenestene skal oppretthaldast.

Det skal arbeidast for eit stabilt driftsresultat på minimum 3% av samla driftsinntekter.

Det skal fokuserast på prosjektarbeid og nye metodar for oppgåveløysing.

Det skal fokuserast på rasjonalisering og effektivisering innan betaling, sakshandsaming og informasjon.

Dette vil me få til gjennom å:

Vidareføra god kontroll med økonomien og økonomiplanlegginga.

Fokusera på effektivisering og rasjonell drift med bruk av elektronisk betaling, sakshandsaming og informasjonssystem.

Syte for naudsynt investering i eksisterande bygg og anlegg.

Halde budsjettammene frå 2015 – 17 på om lag på same nivå som for 2014.

Ta høgde for moglege renteauke framover.

Integrera handlingsdelen til kommuneplanen i økonomiplanen og oppdatera denne kvart år for betre målstyring.

Befolkningsvekst

Me vil at:

Befolkningsveksten vert om lag slik som framskrive innbyggjartal(SSB).

Det vert auka fokus på moderne tenester og dialog med innbyggjarane.

Det vert tilrettelagt for bustadbygging, og klyngetun i grendene.

Reglane for tiltak på eksisterande bustadtomter i LNF-område vert forenkla.

Innbyggjarane får tilgang til ulik bruk av strandsona og kystnaturen.

I tillegg inneheld den vedtekne samfunnsdelen av kommuneplanen for perioden 2015 – 2027 mål innanfor områda: samfunnsutvikling, tettstadutvikling, kultur, næring, samferdsle og infrastruktur, oppvekst og arbeid, helse og omsorg, psykisk helse og rus, livtidsjukdomar, folkehelse, sosial ulikskap, landskap, miljø og samfunnstryggleik og kommunal organisering og tenesteyting.

Måloppnåing:

- Austrheim kommune hadde pr. 01.01.17 2884 innbyggjarar. Den 01.10.17 var innbyggjartalet 2914 mens den 01.01.18 er det registrert 2902 innbyggjarar i kommunen. Altså ein auke på 18 personar det siste året.
- Austrheim kommunestyre har vedteke å ta imot flyktningar. Det er hittil kome 72 flyktningar til Austrheim. Dette inkluderer gjenforeining. Det er ikkje gjort vedtak om å ta imot fleire flyktningar, men gjenforeining er fortsatt aktuelt.
- Det er brukt mykje midler til lærlingar og TAF-elevar i Austrheim. I 2017 var det 8 lærlingar i verksemda. Målsettinga er å ha 10 lærlingar i kommunen. Ordninga er utvida med læring innanfor bygg mens det er søkt etter lærlingar innan kontorfag.
- Det er sett i gang eit arbeid for å planleggja omsorgsbustader i Kaland/Fonnes- området. Det er funne eit godt eigna område til dette føremålet som no er ferdig regulert.
- I 2017 vart prosjekt innsparing vidareført utan at dette gav nokon særleg effekt då mange nye stillingar vart opprette grunna nye behov. Dette gjeld spesielt innan barnehagane då fleire barn har behov for plass og har fått innvilga dette.
- Gjennomsnittsalderen på arbeidsstokken er høg. I den grad det er mogeleg, har ein lagt til rette for gode seniortiltak.
- Den økonomiske utviklinga med underskot i åra 2014 og 2015 vart i 2016 snudd til at det vart eit overskot på kr. 4.558 mill. Bakgrunnen for dette er at talet på tilsette i 2016 vart redusert. Talet på tilsette auka igjen i 2017, men dette skuldast i hovudsak behov for fleire tilsette i barnehagane då behovet for barnehageplasser auka vesentleg.
- Målsettinga om eit driftsresultat på 3 % av driftsinntektene er ikkje oppnådd då 2017 gav eit underskot på 2,1 mill.kr. Driftsresultatet i 2016 gav eit overskot som vart på 1,65% av driftsinntektene.
- Kommunen deltek i mange interkommunale tiltak. Mellom anna Regionrådet for Nordhordland(Nordhordland Utvikling), Nordhordland IKT, Nordhordland legevakt og Øyeblikkelig-hjelp senger, sjå eiga oversikt som viser interkommunale tiltak og avtalar med andre kommuner om samarbeid. Dette gav oss ein kostnad i 2017 på kr. 8,4 mill. som er ein auke frå 2016 med 8,5%

Administrasjon

Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen består av rådmannen med rådmannsgruppa, personalkonsulenten, servicekontoret og økonomikontoret med skattekontor. Ei viktig oppgåve er å førebu og følge opp politiske saker til kommunestyret, formannskapet og ymse råd, utval og prosjektgrupper. Handsaming av sektorovergripande saker, samfunnsutvikling, overordna styring, samordning og utføring av fellestenester for heile organisasjonen, er andre ressurskrevjande og viktige arbeidsoppgåver.

Elektronisk politisk møtehandsaming via lese Brett til alle folkevalde er vidareført i 2017. Dette har resultert i av bruken av papir og portokostnadene er stabilisert.

Rådmannen held jamnleg møte med organisasjonane, avdelingsleiarane og sakshandsamarane til møte i politiske utval.

Politikk

Aktiviteten i dei sentrale folkevalde organa i Austrheim kommune 2017/2016:

Utval	Tal saker		Tal møte	
	2017	2016	2017	2016
Austrheim Kommunestyre	101	145	8	12
Austrheim Formannskap	114	151	8	9
Administrasjonsutvalet	8	9	1	2
Arbeidsmiljøutvalet	14	23	3	5
Eldrerådet	0	18	0	2
Kontrollutvalet	46	47	5	5
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	3	0	1	0
Valstyret	12	0	3	0

Møteaktiviteten i formannskapet og kommunestyret er redusert frå 2016 til 2017. I tillegg har talet på saker blitt redusert. Av politiske saker kan nemnast budsjett for 2018 med økonomiplan for perioden 2018 – 2021, avgiftssaker, tertialrapport 1 og 2 med budsjettjustering, reguleringsplanar, val til nemnder og utval, kommuneplanarbeidet med arealdelen og mange store investeringstiltak. I tillegg har det vore store regionale saker til handsaming som t.d. biosfære og helsehus.



Bilete frå Syrisk aften. Syrisk mat vart servert. Her ser vi samling framfor matfatet. Bilete: Anita Soltveit

Samfunnsutvikling

Austrheim kommune har også i 2017 delteke i Nordhordland Utviklingsselskap der det gjennom Regionrådet vart arbeidd med mange store prosjekt. Her kan nemnast Nordhordlandspakken og helsehus. Nordhordlandstinget har hatt eit møte i 2017.

Austrheim kommune har ikkje egne tilsette som driv med samfunnsutvikling.

Kommunen deltar i mange interkommunale tiltak, sjå eiga oversikt under. Nordhordland IKT drift og Nordhordland legevakt er dei mest kostnadskrevjande tiltak. Nordhordland IKT drift driv for tida med omorganisering frå eit § 28 vertkommunesamarbeid til eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27. Saka er for tida til handsaming i dei einsskilde kommunestyra.

Interkommunale samarbeidstiltak/avtaler

Namn	Eigardel/ Vertskommune	Kostnad 2016 - kr	Kostnad 2017- kr
Nordhordland IKT drift	Osterøy	2.100.000,-	2.295.000,-
IKT strategi	NUI	311.000,-	428.000,-
Nordhordland legevakt	Lindås	1.600.000,-	1.597.000,-
Senger for øyeblikkeleg hjelp	Lindås	742.000,-	832.000,-
Teknisk hygienisk ingeniør	Lindås	64.000,-	68.450,-
Bergen og Omland hamnevesen	Bergen kommune	Ingen kostnad	Ingen kostnad
Nordhordland Revisjon IKS	10,80 %	525.000,-	540.000,-
Sekretariatfunksjon kontrollutvalet	NUI	73.000,-	73.000,-
Nordhordland Utviklingsselskap IKS	6,47 %	238.000,-	248.000,-

Biosfæreprosjekt Nordhordland	NUI	41.000,-	43.000,-
Business Region Bergen	NUI	29.000,-	20.000,-
Yrkes og Utdanningsmessa 2016	NUI	13.000,-	14.000,-
Kompetanseprosjekt	NUI	30.000,-	32.000,-
Nordhordland og Gulen Interkommunale branntilsyn(NGIB)	Lindås	220.000,-	242.000,-
Interkommunalt utval mot akuttforureining (IUA)		44.000,-	43.700,-
DIHVA IKS (Vann og Avløp)		8.800,-	17.683,-
Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap (NGIR)	7,88 %	Ingen kostnad	Ingen kostnad
Interkommunalt arkiv	1,97 %	132.000,-	148.184,-
Landbrukskontor	37 %	402.000,-	510.000,-
Seniorsamling	Samarbeid 5 kom.	10.000	10.000
Aufera	37 %	235.000,-	175.000,-
Reiseliv	NUI		60.000,-
HOG		50.000,-	50.000,-
Bergen kommune. Syns og audiopedagogiske tenester	Bergen kommune	56.000,-	58.000,-
Bergen og omland friluftsråd	Bergen kommune	47.000,-	52.000,-
Bergen kommune- Interkommunalt krisesenter	Bergen kommune	134.000,-	139.200,-
Brannvarslingssentral, Bergen(110)		104.000,-	102.000,-
Bergen kommune- Forvaltning av sivilforsvarsmateriell	Bergen kommune	31.000,-	31.784,-
Bergen kommune – Arbeidsgjevarkontroll	Bergen kommune	139.593,-	139.200,-

Bergen kommune – Innkjøpssamarbeid	Bergen kommune	110.000,-	110.000,-
Distriktsveterinærteneste	Lindås	25.000,-	36.000,-
Nordhordland digital		30.000,-	58.450,-
Sambandet Vest	Askøy	137.500,-	53.000,-
BKK	0,43 %	Ingen kostnad Det vert utbetalt utbytte kvart år.	Ingen kostnad Det vert utbetalt utbytte kvart år.
Nettverk for Petroleumskommunar(NPK)		100.000,-	200.000,-
Totale utgifter for Austrheim kommune		7.771.893	8.426.451,-

Konklusjon om tabellen:

Austrheim brukte kr. 8.426.451,- til deltaking i interkommunale tiltak og avtalesamarbeid med andre kommuner i 2017. Ei auke på kr. 654.558,- frå 2016. Dette utgjør om lag 8,5% auke.

Samfunnstryggleik og beredskapsarbeid

Austrheim kommune har i 2017 fullført arbeidet med revidering av overordna risiko- og sårbaranalyse, KommuneROS for Austrheim kommune. Rapporten er tilgjengeleg på kommunen sine heimesider. Arbeidet vart fullført i januar.

I april 2017 starta arbeidet med utarbeiding av risiko og sårbaranalyse for vassforsyninga i Austrheim kommune, VassforsyningsROS for Austrheim kommune. Dette arbeidet vert fullført våren 2018.

I samband med revideringa av overordna ROS-analyse er også overordna beredskapsplan for Austrheim kommune revidert og utforma i tråd med nye krav og tilrådingar. Den nye overordna beredskapsplanen byggjer på filosofien for ELS, einskapleg leiingssystem. Arbeidet vart fullført våren 2017. I tillegg til revisjon av overordna beredskapsplan er også arbeidet med revidering av plan for atomberedskap fullført i 2017.

I 2017 vart også arbeidet med plan for evakuering i Austrheim kommune fullført. Det er også utarbeida plan for informasjon og varsling av befolkninga i Austrheim kommune ved uønska hendingar. Disse planane er utforma slik at dei også kan nyttast ved driftsmessige hendingar i Austrheim kommune som krev varsling av befolkninga.

I tillegg er det utarbeidd og revidert tiltakskort som kriseleiinga skal nytte ved handsaming av uønska hendingar.

I 2017 vart det gjennomført tilsyn frå Fylkesmannen i Hordaland med arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i Austrheim kommune. Tilsynet vart gjennomført i november 2017 og endeleg rapport etter tilsynet låg føre i slutten av januar 2018. Tilsynet avdekket 2 avvik og kommunen fekk 2 merknader. Arbeidet med å lukke avvik er i gang.



Båtliv med nye landsmenn i Austrheim. Frå arrangementet «Havglede 2017.Tryggingsmessig er livvestane på plass. » Foto: Anita Soltveit

Tilsyn i 2017.

Austrheim hadde fleire tilsyn i 2017, nedanfor er ein kort omtale av kvar av dei.

1. Pleie og omsorg.
 - a. Tilsyn på tenester for funksjonshemma. Ikkje avdekka brot på lov og forskrift
2. Helse.
 - a. Tilsyn om det er brot på helselovgjeving. Ikkje avdekt slike brot.
 - b. Tilsyn om helsehjelp i ei konkret klagesak. Ikkje avdekt brot på forsvarleg helsehjelp.
3. Nav sosial.
 - a. Tilsyn på tilgjenge etter ei konkret klagesak. Ikkje avdekt noko avvik.
4. Brannvern. Arbeidstilsynet sitt tilsyn.
 - a. 4 pålegg. Gjeld bygningsmessige og pålegg for å redusere helsefare for brannmannskapa. Dette siste er endra rutinar på.
5. Barnehagelova 19 g: Tilrettelagt tilbod til barn med nedsett funksjonsevne.
 - a. 3 brot på regelverket. Manglande rutinar for sakshandsaming og utforming av vedtak.
6. Miljøretta helsevern.
 - a. Ventilasjonsanlegg Årås skule. Bråk frå anlegget som overskrid grense lyd i forskrift. Dette er delvis utbetra i vinterferien 2018. Leverandøren skal gjere ytterlegare tilpassingar.
7. NGIB. Branntilsyn Nordliheimen og Vestlia.
 - a. 3 avvik og 4 merknader. Det er starta opp arbeid for å lukka avvik på manglande dokumentasjon på bygget og manglande serviceavtalar.
8. Mattilsynet. Tilsyn med vasstårnet.
 - a. 3 pålegg. Desse er no lukka.
9. Samfunnstryggleik og beredskap
 - a. 3 avvik som no er lukka.
 - b. 2 merknader som no er retta opp.


Det er dei siste åra auke i talet på tilsyn i kommunane. Dette er ei styrt endring frå styresmaktene. Det er kommunen si plikt å forhalde seg til dei ulike lover og forskrifter. Når ein får tilsyn, er det ei oppgåve å gå inn i desse og lukka avvika og merknadene ved ei forbetring av gjeldande rutinar og sakshandsaming. Av desse 9 tilsyna, vil det få økonomiske fylgjer på tilsyn nr. 4, 6, 7 og 8. Spesielt nr. 4 kan dei næraste åra føre til høga kostnader med utbetring av bygg.



Tiriltunge barne- og ungdomskor. Frå oppsetjinga «Skatten på Sjørøverøya.» Foto: Rigmor Ludvigsen.

Driftsinntektene

Totalt har inntektene auka med 4 % i 2017 i forhold til året før. Dette er ein auke på ca. 10,3 millionar kr. I 2016 var denne auken på 6,7 %, det utgjorde ca. 16,2 millionar kr. På landsbasis har driftsinntektene auka med 5,1 % i 2017. Det er ein litt større auke i forhold til det Austrheim kommune har. Utviklinga i driftsinntektene dei siste 5 åra er vist grafisk nedanfor.



Ser vi nærare på dei ulike inntektspostane som utgjer driftsinntekter, ser vi at brukarbetalingar er omtrent på same nivå som i 2016. Andre sals- og leigeinntekter er gått betydelig opp med 9,8 %. Den største auken i denne inntektsgruppa er tilknytningsavgift som har auka med nesten 1 million kr. i forhold til 2016.

Overføring med krav til motyting er auka med 11,9 %. Den største auken her er statstilskot med ein auke på ca. 3,5 millionar kr. I denne auken ligg bl.a. øymerkt tilskot til kommunalt vedlikehald på ca. 2,5 millioner kr. Desse midlane kjem igjen som ein motpost på vedlikehaldsutgiftene.


Rammetilskotet har auka med 7,1 % i forhold til førre år. Her har det vore ein stor reduksjon i inntektsutjamning p.g.a. skatteinntektene har gått betydeleg ned.

Andre statlege overføringar har auka med 4,1 %. Auken gjeld i hovudsak integreringstilskot.

Skatt på inntekt og formue har gått ned med 3,2 %.

Skatteinntektene

Diagrammet under viser utviklinga i skatteinntektene, utan at inntektsutjamninga er tatt med, akkumulert pr. månad i 2017 samanlikna med budsjett.



Når det gjeld eigedomsskatt, er det en auke på 10,2 %. Dette skuldast innføring av eigedomsskatt på anna næring i tillegg til verk og bruk.



Somalisk aften i Austrheimstova. Her er nokre av deltakarane i fargerike nasjonaldrakter. Foto: Anita Soltveit.


Økonomisk oversyn

Utviklingstrekk i driftsrekneskapen (i heile tusen kroner)

Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap 2 013	Rekneskap 2 014	Rekneskap 2 015	Rekneskap 2 016	Rekneskap 2 017	Avvik 2016-17
DRIFTSINNTEKTER						
Brukerbetalinger	12 407	13 036	13 175	13 148	13 002	-1,1
Andre salgs- og leieinntekter	14 213	14 607	16 345	16 095	17 666	9,8
Overføringer med krav til motytelse	41 005	37 238	36 479	35 678	39 931	11,9
Rammetilskudd	68 234	70 529	73 373	79 722	85 359	7,1
Andre statlige overføringer	2 073	6 480	8 200	13 550	14 107	4,1
Andre overføringer		100	100	0	0	
Skatt på inntekt og formue	84 311	84 590	82 871	88 559	85 690	3,2
Eiendomsskatt	12 608	12 608	12 585	12 585	13 867	10,2
Sum driftsinntekter	234 851	239 188	243 128	259 337	269 622	4,0
DRIFTSUTGIFTER						
Lønnsutgifter	134 323	145 416	149 254	150 130	156 665	4,4
Sosiale utgifter	36 244	38 994	40 278	40 159	41 418	3,1
Lønn og sosiale kostnader	170 567	184 410	189 532	190 289	198 083	4,1
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	27 843	27 504	28 466	29 395	35 027	19,2
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	9 298	11 635	11 353	11 956	14 092	17,9
Overføringer	13 598	15 637	12 970	13 786	15 269	10,8
Avskrivninger	11 003	12 084	11 992	13 814	14 256	3,2
Fordelte utgifter	-			-124	-12	
Sum driftsutgifter	232 310	251 270	254 313	259 116	276 715	6,8
Brutto driftsresultat	2 541	-12 082	-11 185	221	-7 093	-3 309,5
FINANINNTEKTER						
Renteinntekter og utbytte	5 367	5 283	2 816	2 641	2 796	5,9
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-					
Mottatte avdrag på utlån	108	57	32	47	897	1 808,5
Sum eksterne finansinntekter	5 475	5 340	2 848	2 688	3 693	37,4
FINANSUTGIFTER						
Renteutgifter og låneomkostninger	4 689	5 067	4 555	4 172	4 111	-1,5
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-					
Avdrag på lån	8 864	7 312	6 882	7 887	7 980	1,2
Utlån	75	77	23	25	134	436,0
Sum eksterne finansutgifter	13 628	12 456	11 460	12 084	12 225	1,2
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-8 154	-7 116	-8 612	-9 396	-8 532	-9,2
Motpost avskrivninger	11 003	12 084	11 992	13 814	14 256	3,2
Netto driftsresultat	5 391	-7 114	-7 805	4 639	-1 369	-129,5
INTERNE FINANSTRANSAKSJONER						
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	5 895	-		-		
Bruk av disposisjonsfond	369	2 752	4 989	-	-	
Bruk av bundne fond	647	2 074	1 335	966	3 891	302,8
Bruk av likviditetsreserve	-					
Sum bruk av avsetninger	6 910	4 826	6 324	966	3 891	302,8
Overført til investeringsregnskapet	4 934	50	122	-	-	
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	-		5 140			
Avsatt til disposisjonsfond	5 904	12	-	-	-	
Avsatt til bundne fond	1 451	2 802	1 505	1 148	4 704	309,8
Avsatt til likviditetsreserven	-					
Sum avsetninger	12 289	2 864	6 767	1 148	4 704	309,8
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	12	-5 152	-8 248	4 457	-2 182	

Driftsutgiftene

På landsbasis har driftsutgiftene auka med 5,9 %. I Austrheim kommune har driftsutgiftene auka med 6,8 %. Det er ein auke på ca. 17,6 millioner kroner i forhold til forrige år. Dette er ein for stor auke i forhold til resten av landet . Nedanfor er det sett opp eit diagram over driftsutgiftene dei siste 5 åra.




Lønn og sosiale utgifter


Lønn og sosiale utgifter utgjør ein betydelig del av driftsutgiftene. I 2017 utgjorde lønn og sosiale kostnader 71,1 % av totale driftskostnader. Dette utgjør 198,1 millionar kroner av dei totale driftsutgiftene og er ein nedgang i prosent i forhold til året før. Vi ligg godt over landsgjennomsnittet og også ein del over dei kommunane som det er naturleg å samanlikne oss med.

Auken fra 2016 til 2017 er på 4 %. Dette er noko betre enn landsgjennomsnittet og også betre enn nokre av dei kommunane som vi kan samanlikne oss med.

Lønn og sosiale utgifter



Grafisk utvikling av Lønn i prosent av driftsutgifter for Austrheim, samanlikna med landsgjennomsnittet.



Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen har auka med 19,2 % i forhold til 2016. Dette utgjør ein auke på ca. 5,6 millioner kr.

Som nemnt ovanfor under driftsinntekter når det gjeld krav til motytelse, har ein i 2017 fått øymerkt tilskot til vedlikehald på ca. 2,5 millioner kr. Motposten til det øymerka tilskotet er ført på vedlikehald under kategorien kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen og utgjør ein betydelig del av auken for 2016.

Andre postar som utgjør betydelege beløp av heller større auke, er utstyr, andre driftsutgifter, kursavgifter, skuleskyss, barnehageskyss, lisensar, årsgebyr, kontingent, EDB, inventar, utstyr, datamaskiner kjøp/leige.

Kjøp av varer og tenester som erstattar tenesteproduksjonen er auka med 17,9 % i forhold til førre år. Dette utgjør ca. 2,1 millioner kr. Postar som inngår i denne gruppa er kjøp fra staten, fylkeskommunen, kommunar, andre og kjøp fra IKS. Auken gjeld kjøp fra staten.

Overføringer har auka med 10,8 % i forhold til 2016. I kr. utgjør dette ca. 1,5 millioner kr. Dette skuldast i hovudsak tilskot til livsopphold.

Avskrivningane har auka med med 3,2 %. Dette spelar ingen rolle for sluttresultatet då avskrivningar blir trekt ut igjen før netto driftsresultat blir berekna.

Finanspostane

Resultat eksterne finanstransaksjonar er redusert med 9,2 % i forhold til førre år. Ein hovudgrunn er at vi har mottatt betydeleg meir når det gjeld avdrag på utlån enn førre år.

Brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat, - 7,093 mill. kr, seier noko om resultatet etter avskrivningar, men før renter og andre finanspostar er tatt med. I netto driftsresultat (- 1,369 mill. kr.) er finanspostene med, mens avskrivningane er «nulla» ut.

Resultatmargin

Netto driftsresultat er eit mykje brukt måltal for korleis kommuneøkonomien utviklar seg. For 2014 rekneskapet blei måltallet endra fra 3 % til 1,75 %. Dette skuldast at frå 2014 blei momskompensasjonen frå investeringar ført i investeringsregnskapet, mens denne inntektsposten tidligare har vore ført i driftsregnskapet. Fylkesmannen si vurdering er likevel ei målsetting om eit noko høgare netto driftsoverskot enn 1,75 prosent vil vere positivt med sikte på å kunne handtere svingningar i inntektene og for å ha stabilitet i tenestene.

Når det gjeld Austrheim kommune sitt netto driftsresultat er det på ca -1,4 millionar kroner. I prosent utgjør dette ca. - 0,5 %. Som ein klart kan sjå, er dette ikkje i samsvar med målsettinga.

Rekneskapsmessig resultat

Regnskapsmessig resultat er det som er igjen av netto driftsresultat etter fondsavsetningar og andre årsoppgjersdisposisjonar. Det fortel om kommunestyret sin planlagte pengebruk og forventa inntekter (budsjett) og faktiske inntekter (rekneskap).

Driftsrekneskapet for 2017 viser eit meirforbruk på ca 2,2 millionar kroner. I 2016 var det et mindreforbruk på ca. 4,6 millionar kroner.

Rekneskapsmessig resultat på ansvarsområda

Rammeområde	Rekneskap 2 015	Rekneskap 2 016	Rekneskap 2 017	Justert	Budsjett	Endring
				Budsjett 2 017	% avvik i	Rekneskap 16- 17
100 Rådmann	16 510	17 734	17 171	16 800	-2,2	3,2
101 Politisk styring og kontrollorgan	3 231	3 150	3 327	3 355	0,8	-5,6
190 Interne serviceeiningar	4 262	3 671	3 662	3 854	5,0	0,2
200 Administrasjon undervisning	2 266	2 226	1 230	1 758	30,0	44,7
201 PPT og barnevern	10 897	7 720	11 140	9 477	-17,5	-44,3
210 Årås skule	22 582	22 534	21 770	23 191	6,1	3,4
211 Kaland skule	13 353	12 820	12 831	13 280	3,4	-0,1
220 Austrheim kystbarnehage	12 682	12 977	14 480	13 540	-6,9	-11,6
221 Kaland barnehage	8 151	8 549	9 792	9 436	-3,8	-14,5
250 Musikk- og kulturskule	1 536	1 615	1 675	1 769	5,3	-3,7
251 Bibliotek	1 336	1 404	1 434	1 548	7,4	-2,1
255 Anna kultur	2 067	2 449	1 892	2 000	5,4	22,7
290 Undervisning og arbeidssenter	1 561	1 441	1 306	1 200	-8,8	9,4
300 Administrasjon helse og sosial	669	552	929	1 102	15,7	-68,3
301 Helsetjeneste	6 807	10 917	12 310	12 971	5,1	-12,8
302 Sosiale tjenester	6 213	8 737	11 631	10 800	-7,7	-33,1
330 Nordliheimen	20 626	20 915	22 457	22 609	0,7	-7,4
331 Kjøkken Nordliheimen	3 419	3 428	3 519	3 660	3,9	-2,7
332 Heimetenester I	9 740	10 380	10 698	10 833	1,2	-3,1
333 Heimetenester II	8 124	8 847	10 172	8 783	-15,8	-15,0
500 Plan,byggesak,miljø	1 325	1 982	1 817	2 237	18,8	8,3
501 Interkomm.landbruk/veterinær	757	479	490	725	32,4	-2,3
600 Administrasjon teknisk	-994	-573	-498	-739	32,6	13,1
604 Eigedomsavdeling	8 595	7 981	7 965	7 561	-5,3	0,2
605 Reinholdsavdeling	5 417	5 764	5 821	5 823	0,0	-1,0
T O T A L T	171 130	177 699	189 020	187 573	-0,8	-6,4

Avvik i forhold til justert budsjett 2017

Samla resultat på ansvarsområda samanlikna med budsjett var negativ med 0,8 %. Dette vil sei eit totalt negativt avvik på driftsområda i forhold til justert budsjett med nærare 1,5 millionar kroner.

Område med vesentlege negative avvik i prosent i forhold til budsjett er avdeling 201 PPT og barnevern.

Her er det eit negativt avvik i forhold til budsjett på med 17,5 %. Dette utgjer 1,663 millioner kr. Avviket skuldast bl.a konsulenttenester og tenestekjøp frå statlege institusjonar.

Avdeling 220 Austrheim Kystbarnehage har eit negativt avvik på 6,9 %. Dette utgjer 940 tusen kr. Store deler av det negative avviket gjeld personalutgifter.

Avdeling 290 Undervisning og arbeidsenter, har ein overskriding på 8,8 % som utgjer 106 tusen kr. I hovudsak gjeld dette lønn og sosiale utgifter.

Avdeling 302 Sosiale tjenester har ei overskriding på 7,7 %. Dette utgjer 831 tusen kroner. Dette skuldast bl.a. personalutgifter, tilskot til livsopphald og andre driftsutgifter.

Avdeling 333 Heimetenester II har eit negativt avvik på 15,8 %. Dette utgjer 1,389 millioner kr. Det skuldast eit vesentleg negativt avvik når det gjelder ressurskrevande brukarar. Vi fekk langt under det som var budsjettert som statstilskot. I tillegg har avdelinga noko negativt avvik når det gjeld lønn og personal.

Avdeling 604, Eigedomsavdeling har ei overskriding på 5,3 % som utgjer 404 tusen kr. Dette skuldast bl.a avvik når det gjeld eigedomsavgifter, husleige og personalutgifter.

Som det går fram av tabellen ovanfor, er det nokre avdelingar som har overskot. Det blir ikkje kommentert her.

Investeringsregnskapet

Den største investeringa i 2017 er Kaland barne- og ungdomsskule . Andre mindre investeringer er IKT, Kaland barnehage, uteområdet Årås skule, nye bilar heimesjukepleien, naust Baløy og ny veg til Furuly.

Investeringane er finansiert ved bruk av lån på ca. 21,51 millionar kr. Låneopptaket i 2017 har vore på 21,73 millionar kr. Ubenyttta lånemidlar er auka med 220 tusen kr. til 2,44 millionar kr.

Balanserekneskapet

Totalkapitalen er auka med kr. 25,9 mill. kr. I prosent er dette 3,2.

Anleggsmidlar består av faste eigedommer, utlån, interne langsiktige fordringar, aksjar, andelar og pensjonsmidlar.

Anleggsmidlane har auka med 31 millionar kr. Dette er 8,1 % auke i forhold til førre år. Auken skuldast i hovudsak pensjonsmidlar.

Omløpsmidlane består av kortsiktige fordringar, premieavvik og bankinnskot. Omløpsmidlane er blitt redusert med ca. 5,8 millioner kr. Dette er ein nedgang på 10 %. Dette skuldast i hovudsak nedgang i bankinnskot.

Eigenkapitalen er auka med ca. 4,7 millionar kr. i forhold til førre år. Dett er ein auke på 2,9 % som skuldast først og fremst auke i kapitalkontoen.

Langsiktig gjeld består av pensjonsforpliktelsar og andre lån (Husbanken og Kommunalbanken). Langsiktig gjeld er auka med ca. 25,1 mill. Dette er ein auke på 4,1 %. Auken i langsiktig gjeld skuldast auke i pensjonsforpliktelsar på 15,1 millionar kr. og 10 millionar kr. når det gjeld lån.

Kortsiktig gjeld er redusert med ca. 4 millionar kr. Det er ein reduksjon på 9,2 %. Kortsiktig gjeld består av annan kortsiktig gjeld (avsetning feriepengar, arbeidsgjevaravgift feriepengar, moms og diverse avsatte postar), konsernintern kortsiktig gjeld (forskotstrekk, arbeidsgjevaravgift, lønn og leverandørgjeld) og premieavvik.

Økonomi samanlikna med landet

Økonomiske nøkkeltall frå Austrheim samanlikna med landsgjennomsnittet					
	Austrheim	Austrheim	Austrheim	Austrheim	Landet
	2014	2015	2016	2017	2017
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	230,7	246,2	235,9	236,0	200,5
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	2,4	2,4	1,0	0,9	17,5
Frie inntekter i kroner per innbygger	54 313	54 669	58 350	58 942	54 785

I langsiktig gjeld inngår både vanleg lånegjeld og framtidige pensjonsforpliktingar til tilsette i kommunen. Pensjonsforpliktingar utgjer ca. 57,9 % av den langsiktige gjelda. Nivået på pensjonsforpliktingane er berekna etter statlege reglar.

Arbeidskapitalen (omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld) fortel om likviditeten, dvs. om kommunen har pengar til å betale rekningane sine til riktig tid.

Frie disponible inntekter fortel noko enkelt sagt om kor mykje av overføringane gjennom inntektssystemet som ikkje er bunde opp til dei vanlege lovpålagte driftsoppgåvene.

KOSTRA-samanlikningar

Nedanfor er det sett opp statistikkar for netto driftsutgifter for ulike tenester i prosent av totale netto driftsutgifter. Desse blir også vist frå dei siste åra og er samanlikna med resten av landet.


Tabellane er henta frå heimesida til Statistisk Sentralbyrå (SSB).

Når det gjeld netto driftsutgifter pr. brukar målt i prosent av totale netto driftsutgifter, for dei ulike tenestene, er dei største endringane frå 2016 til 2017 fylgjande:

- Barnevern er auka fra 3,3 til 4,5.
- Sosialteneste har auka fra 5,1 til 6,3.
- Grunnskoleopplæring er redusert fra 23,9 til 22,1.


Netto driftsutgifter for ulike tenester, målt i % av netto driftsutgifter	Austrheim 2013	Austrheim 2014	Austrheim 2015	Austrheim 2016	Austrheim 2017	Landet 2017
Administrasjon og styring	10,2	9,7	9,5	8,6	8,2	7,1
Barnehage	12,5	15,0	14,2	14,5	14,6	14,4
Grunnskoleopplæring	24,1	23,9	24,1	23,9	22,1	23,3
Helse og omsorg	36,1	36,1	32,5	33,4	33,6	34,3
Sosialteneste	1,7	2,8	3,9	5,1	6,3	6,4
Barnevern	2,6	3,1	3,4	3,3	4,5	3,8
Vann, avløp,renovasjon/avfall	-0,9	-0,9	-1,2	-1,1	-1,8	-0,3
Fys.planl./kult.minne/natur/nærmiljø	1,7	1,7	1,2	1,9	1,7	1,2
Kultur	4,9	5,6	4,9	4,9	4,7	3,9
Kyrkje	1,9	1,9	2,1	2,0	1,9	1,1
Samferdsle	1,7	2,0	1,9	1,8	2,1	1,6
Bustad	-0,3	0,1	-0,1	-0,3	-0,1	0,2
Næring	1,7	1,5	1,9	0,9	0,9	0,0
Brann og ulykkesvern	1,4	1,2	1,9	1,8	2,0	1,4

Dersom vi framstiller tala i tabellen i diagram, får vi fylgjande bilete:



Her er dei største områda innan budsjett sett opp. Det er ei klar utvikling i perioden 2013-2017.

- Forholdsmessig mindre pengar brukt til administrasjon
- Andelen av utgiftene til barnehage har auka
- Andelen av utgiftene til skule er redusert
- Andelen av utgifter til helse og omsorg er redusert



Dette diagrammet viser den forholdsmessige andelen av budsjettet brukt til dei andre sektorane. Alle er målt opp mot andelen i landsgjennomsnittet som er den høgre orange søyla i alle søylene.

Personalstatus

	Tilsette 2017	Årsverk 2017	Tilsette 2016	Årsverk 2016	Tilsette 2015	Årsverk 2015
Kvinner	273	217,32	270	207,24	273	204,76
Menn	48	40,5	49	42,34	58	49,74
Samla	321	257,82	319	249,58	331	254,5

Det har vore ein auke med ca. 8 årsverk frå 2016 til 2017, frå 2015 til 2016 var det ein mindre auke på om lag 2,5 årsverk.


I 2017 har det vore auke på m.a. desse sektorane:

- Barnevern + 1 stilling
- Nav sosial + 0,5 stilling
- Nav Flyktning + 1 stilling
- Nytt tiltak i PU + mellom 2 og 3 stillingar.
- Austrheim Kystbarnehage og Kaland barnehage 6,4 stillingar

Lista er ikkje uttømmende, men på grunn av auka behov for tenester i ulike avdelingar, ser ein at det har vore auke i stillingar. Summen over auke i stillingar ovanfor utgjer om lag 11 stillingar. Det har såleis vore reduksjon i andre avdelingar fordi den samla auken er 8 stillingar.

Sjuefråvær

Sjuefråværet i kommunane i regionen frå 4. kvartal 2016 - 3. kvartal 2017 viser:



Tala i tabellen under, syner utvikling i sjukefråvær i frå perioden 4. kvartal 2015 til 3. kvartal 2016 samanlikna med perioden 4. kvartal 2016 til 3. kvartal 2017 for Austrheim kommune og kommunane i Noreg:

	Austrheim 15-16	Austrheim 16-17	Kommunar 15-16	Kommunar 16-17
Samla sjukefråvær	8,24	7,12	9,84	9,91
Legemeldt sjukefråvær	7,48	6,08	8,52	8,53
Eigenmeldt sjukefråvær	0,76	1,04	1,32	1,38
I arbeidsgjevarperioden	3,54	3,61	4,18	4,18
Utanfor arbeidsgjevarperioden	4,7	3,51	5,66	5,73
Sjukefråvær kvinner	9,35	7,87	10,95	11,04
Sjukefråvær menn	2,26	2	5,96	5,96
Heiltidstilsette	8,31	8,95	9,42	9,5
Deltidstilsette	8,18	5,58	10,55	10,63
Sjukefråvær undervisningsp.	3,35	6,53	8,14	8,22
Turnuspersonell	10,45	6,58	11,99	11,92
Andre	8,81	7,67	9,38	9,51
Administrasjon	8,18	8,03	7,44	7,21
Undervisning	3,18	6,05	8,38	8,44
Barnehagar	13,46	10,03	12,29	12,65
Helse/pleie/omsorg	9,75	6,72	11,21	11,24

Det samla sjukefråværet har hatt ein nedgang frå 8,24% til 7,12% medan kommunesektoren elles har hatt ein oppgang frå 9,84% til 9,91% i perioden. I sektor administrasjon ligg vi over snittet i kommunenorge. Det er verdt å merka seg den positive utviklinga med stor nedgang i sjukefråvære for turnuspersonell i perioden. Samstundes ser vi eit høgt sjukefråvære blant personell i barnehagane. Medan det samla fråværet har gått ned i Austrheim, har det auka i kommunesektoren samla.

HMT

Austrheim kommune har kjøpt bedriftshelsetenester frå Salutis HMS AS for kr 359 761,- . Tiltak i 2017 har vore organisasjonsutvikling, helsetenester for tilsette i teknisk avdeling og for røykdykkarar, samling med nattevakter, arbeidsplassvurderingar, prosessarbeid i fleire avdelingar, forflytningskurs i pleie og omsorg, samling med verneombod og leiarsamling.

AMU

Det har vore 3 møte i AMU med mellom anna desse sakene:

- Handlingsplanar for arbeidsmiljø
- Fordeling av AMU-midlar
- Oppfølging av sjukefråvær
- Rullering av lønnspolitisk plan

Administrasjonsutval

Administrasjonsutvalet har handsama mellom anna desse sakene

- Praktisering av hovudavtalen i Austrheim kommune
- Statleg satsing på vidareutdanning for lærarar
- Status på skulane sitt støtteapparat
- Elevane sin bruk av digitale hjelpemidlar i skulekvardagen

Kompetanse

Ein tar utgangspunkt i Strategisk kompetanseplan for 2015-2020 som er retningsgjevande for kompetansetiltak framover:

Tilsette som har vore eller er i utdanning i 2017:

- Kvalifisering av pleiemedhjelparar til helsefagarbeidarfaget. 12 personar har tatt teoridelen. Dei samlar 8700 timar for å gå opp til fagprøve. Det var to tilsette som fekk autorisasjon som helsefagarbeidar i 2017.
- Fagskule i psykisk helsearbeid. To personar
- Stomisjukepleiar med 60 stp. Ein person
- Innovasjon i offentleg sektor med 30 stp. Ein person
- Master i leiing. Tre personar. Dette er ei treårig utdanning
- Barnehagelærar. Desentralisert utdanning over 4 år. Ein person
- Styrarutdanning i barnehage. Ein person
- Teori barne-og ungdomsarbeidarfaget. To personar
- Kurs i spesialpedagogikk. Fire personar
- Lærlingar/TAF-elevar/lærekandidatar. Vi har til saman 10 tilsette i fag som helsefagarfaget, barne- og ungdomsarbeidarfaget og det nye byggdriftarfaget. Vi fekk to nye fagarbeidarar i 2017.
- Spesialisering innan samfunnspsykologi



Austrheim er ein kystkommune. Her får den oppveksande slekt erfaring med det våte element. Foto: Austrheim Kystbarnehage

Samarbeid med tillitsvalde

Rådmannen har møte 1 gang i månaden med hovudtillitsvalde for organisasjonane. Saker som har vore gjennomgått der har vore mellom anna:

- Gjennomgang av overordna arbeidsoppgåver 2017
- Tariff 2017
- Revidering og arbeid med lønnspolitisk plan
- Budsjett/økonomiplan/økonomioppfølging
- Gjennomgang av sjukefråvær

Rådmannen ser dette som eit viktig arena for å ha dialog med organisasjonane. På avdelingsleiarnivå har avdelingsleiarane møte med sine plasstillitsvalde.

Diskriminering og likestilling

Austrheim kommune har som mål å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremja likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, etnisitet og nedsett funksjonsevne.

Austrheim kommune har:

- Retningslinjer for uønska deltid
- Retningslinjer for seniorpolitikk
- Statistikk over lønn kvinner/menn
- Statistikk over sjukefråvære kvinner/menn
- Tilsett ein del framandspråklege i fleire avdelingar
- Retningslinjer for lærlingar
- Retningslinjer for gravide arbeidstakarar
- Bygd opp organisasjonen som ei IA-verksemd.
- Tilsett fleire arbeidstakarar med yrkeshemming.

I 2017 har kommunen samarbeidd med NAV for å opprette fleire praksisplassar med lønstilskot. I tillegg har avdelingane samarbeidd med Nav Flyktningetenesta for å opprette fleire språkarbeidsplassar. Her har fleire avdelingar vist stor entusiasme og oppslutning.

Etikk

Austrheim kommune har retningslinjer som gjeld for tilsette og politikarar. I føremålet i desse retningslinjene står det: *Føremålet med desse retningslinjene er å skapa betre medvit om haldningar og etiske verdiar, og dermed styrkja innbyggjarane sin tillit til administrasjon og politikk i Austrheim kommune.*

Rådmannen ser det som viktig å fokusera på dette føremålet i all kommunal verksemd.

Startlån og tilskot på vegne av Husbanken.

Pr. 1. januar 2018 er det nesten 7,7 million til rådvelde for startlån. I 2017 kom det inn 10 søknader, 2 av desse vart innvilga, 8 avslegne. Grunnen til det store talet avslag har samanheng med dei innstramma reglane i Husbanken som no er gjeldande.

Den 01.01.2017 kom det ny bustadlånforskrift. Bestemt av Stortinget

Bankane får ikkje låne ut meir enn 85% av verdien av bustaden. Då er startlånet medrekna, dette gjeld låntakarar under 34 år.

For boligkjøparar over 34 år, kan ikkje bankane låne ut meir enn 75 % av bustaden sin verdi.

Startlånet kan ikkje lenger brukast som eigenkapital. Dette gjer at det er få som er kvalifisert for startlån no. Dei som får startlån er som oftast dei som slit med å behalde bustaden sin p.g.a. kredittkortgjeld.

I spesielle tilfeller kan kommunen hjelpe til med å fullfinansiera kjøp av bustad med startlån.

Til tilskot til etablering er det pr. 1. januar 2018 kr. 170 514 til rådvelde. Det kom to søknader i 2017, begge vart innvilga med tilsaman 46 823 kr.

Til tilskot til tilpassing er det pr. 1. januar 2018 til rådvelde 57 200 kr. Det kom ingen søknader på dette i 2017. Dette er ei ordning som fleire burde nytta for å tilpassa bustaden sin når dei opplever eit endra funksjonsnivå. Kommunen har ei eiga tverrfagleg gruppe som arbeider med denne ordninga.

Forvaltning av alkohollova 2017.

Forvaltning av søknader om skjenking av alkohol, er i utgangspunktet delegert til assisterande rådmann. I prinsipielle saker, vert søknadene sakshandsama og avgjort av kommunestyret.

I 2017 har det blitt auka om 18 skjenkebevillingar i enkelthøve eller ambulerande. Alle vart innvilga.

Det har vore 4 skjenkekontrollar og 4 kontrollar på sal av øl. Det var ingen merknader på nokon av kontrollane.

Statistikken over sal i butikk og til skjenking viser: Alle tal er i liter.

Type	2015	2016	Skilnad -15 til - 16.
Sal øl og rusbrus	154 629	159 048	+ 4419
Skjenke øl og rusbrus	7 877	7970	+ 93
Skjenking av vin	756	792	+ 36
Skjenking av brennevin	128	128	-

Eine skjenkestaden, Kilstraumen Gjestehus, avvikla drifta før året 2016 var omme. Dagens driftselskap, Kilstraumen Brygge overtok på nyåret 2017.



Strilesoga i Austrheimstova. Ei lydhør forsamling. Foto: Anita Soltveit.


Statistisk oversikt på arbeid, økonomi og folketal.

Statistikk kan vere både opplysnande og tilslørande. Det kjem heile tida an på korleis det vert brukt. I dette kapitlet skal vi sjå statistisk på endringar i arbeidsmarknaden og økonomiske endringar som fylgjer av dette. Sist i kapitlet skal vi sjå på demografiske framskrivingar som kan gi lesarane eit bilete av kva vi som kommune må byggje opp i åra som kjem.

Statistikkane som gjeld arbeidsmarknaden, er klipt ut av heftet «Nordhordland – folketal og demografi.» utgitt av Nordhordland Utviklingselskap (NUI).

Arbeidsløyse

Arbeidsledige i Nordhordland i 31.12.2017 – kjelde NAV




Arbeidsledigheten har i 2017 gått ned, med ein liten auke på slutten av året.

I Nordhordland er den no på 2,4 %, same som for landet totalt.

Nordhordland har også lågare arbeidsledighet enn gjennomsnittet for Hordaland, der ledigheten er på 2,7 %.


Denne figuren viser at arbeidsløysa i Nordhordland har gått ned og låg i november 2017 på landsgjennomsnittet og under gjennomsnittet i fylket.



Denne figuren viser arbeidsløysa internt mellom kommunane i Nordhordland målt opp mot regionen, fylket og landsgjennomsnittet. Austrheim skil seg ut med ein auke dei siste åra medan utviklinga i fleire av dei andre kommunane er ein reduksjon i same periode. Arbeidsløysa i Austrheim på 5 % ved årsskiftet, er den høgaste i fylket.

Skatteinntektene

Arbeidsløyse gjev seg utslag på skatteinntektene slik neste figur viser. Skatteinntekter 2012-2017. Tala er i 1 000 kr slik at 80 000 betyr 80 millionar.




Figuren viser utvikling i bruttoskatt og nettoskatt 2012-2017. Bruttoskatt minus skatteutjamning er lik nettoskatt. I 2012 betalte Austrheim ca 10 million i skatteutjamning. I 2017 vart Austrheim trekt litt under 1 million.

Utviklinga er at i perioden har gjennomsnittleg skatteinntekt pr innbyggjar gått ned frå om lag 120 % av landsgjennomsnittet til litt under 100%.

Skatteinntekter og rekneskapsmessig resultat i perioden 2012-2017						
År	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Bruttoskatt på inntekt og formue	81 797	84 311	84 590	82 871	88 559	85 000
Inntektsutjamning	-10 049	-8 950	-8 827	-5 328	-4 916	-995
Netto skatteinntekter	71 748	75 361	75 763	77 543	83 643	84 695
Rekneskapsmessig resultat	6 895	12	-5 152	-8 248	4 457	-2 182


I denne tabellen er tala sett opp for kvart år. Oppsettet viser at frå 2013 til 2014 og til 2015, var det liten auke i nettoskatt. Desse åra hadde kommunen eit tilsvarande dårleg resultat med underskot i to av åra. Frå 2015 til 2016, hadde Austrheim ein heller stor auke i nettoskatt. Det er litt av grunnen til overskotet i rekneskapsmessig resultat for 2016. Frå 2016 til 2017 hadde Austrheim ein auke på 1 million på nettoskatten. Det kan vere litt av bakgrunnen til det dårlege resultatet i 2017. Med så stor del til lønn av budsjettet, vil slike svingingar vere vanskeleg å justere utan reduksjon i bemanning.



Skatteinntektene pr innbygger samanlikna med landet (**landet er 100 %**) vert redusert, med unntak av Osterøy. Det er no berre Masfjorden og Modalen som har høgare inntekter enn gjennomsnittet for landet, men «avstanden» har blitt redusert. I fleire av kommunane har det vore ein ganske stor reduksjon sidan 2013, samanlikna med gjennomsnittet for landet som er 100 %.


Utviklinga som denne figuren viser, er viktig å ha merksemd på. Utviklinga er stort sett lik i alle kommunane, utanom Osterøy og Gulen. Trenden er at gjennomsnittleg skatteinntekt i kommunane i Nordhordland går jamt nedover. Kommunane i Nordhordland har ikkje fått tatt del i den generelle auken i arbeidsplassar og inntekter som resten av landet har opplevd. Dette bør analyserast meir grundig. Er det utviklinga i oljesektoren som har skulda for dette nedtrekket? Er det andre årsaker? I tillegg betyr lågare skatteinntekter at det generelle lønnsnivået er lågare, dette gjev mindre pengar i omløp og mindre pengar brukt til innkjøp i butikkar og mindre kjøp av handverktenester og liknande.

Innbyggartal.



Dette er SSB si framskriving av folketalet i Austrheim fram til 2040. Fram til 2017 med 2902 innbyggerar i søyle 5, er det faktiske tal, resten er prognose. Det er viktig å erkjenna at dette er ein prognose. Det vil vere ei viktig oppgåve å sjå på dei faktorane som kan innverke på utviklinga. Tilgangen på arbeidsplassar er det sentrale momentet, attraktivitet som bustadkommune er eit anna moment, attraktivitet som besøkskommune er ein av faktorane. I tillegg kjem faktorar som ikkje er lista opp her.

Folketalsutvikling i regional sammenheng i Hordaland.



I begrepet Vest – er det kommunane – Øygarden, Fjell og Sund.

Denne figuren viser utviklinga i folketallet i kommunar og regionar i fylket. Biletet er at kommunane Meland og Lindås har ein auke som nok er på linje med områda rundt Bergen. Veksten i regionen Nordhordland er lågare fordi dei andre kommunane opplever stagnasjon eller tilbakegang i folketallet.

Demografi og utvikling

Vekstkommunane har ein ung befolkning. Dei kommunane som har slitt med fallande folketal har ein eldre befolkning. Den gruppa som er 15 år og yngre utgjør 21 % i regionen totalt. Meland har den høgaste andelen med 24 %.

I den aldersgruppa som som føder barn – 21 – 40 år, har Nordhordland noko lågare andel enn resten av landet. Ingen av kommunane er over gjennomsnittet for landet. Fedje skil seg ut med låg andel – 15 %, men også dei andre kommunane som slit med fallande folketal har relativ låg andel i den gruppa.

For dei som er 68 år og eldre så er Nordhordland totalt ganske likt landet, men der er store ulikskapar mellom kommunane. For nokre av kommunane utgjør denne gruppa nærare 20 %, mens for Meland er det om lag 11 %.


	% andel i dei ulike aldersgruppene						
	0 - 5	6 - 15	16 - 20	21 - 40	41 -67	68 - 79	80 +
1252 Modalen	5 %	17 %	6 %	23 %	34 %	9 %	7 %
1253 Osterøy	8 %	12 %	7 %	25 %	33 %	10 %	5 %
1256 Meland	9 %	15 %	7 %	26 %	32 %	8 %	3 %
1260 Radøy	7 %	12 %	6 %	24 %	35 %	10 %	5 %
1263 Lindås	8 %	14 %	7 %	24 %	34 %	10 %	4 %
1264 Austrheim	7 %	12 %	7 %	21 %	35 %	13 %	5 %
1265 Fedje	5 %	14 %	7 %	15 %	39 %	11 %	9 %
1266 Masfjorden	7 %	12 %	6 %	20 %	35 %	12 %	7 %
1411 Gulen	6 %	12 %	7 %	22 %	35 %	12 %	7 %
Nordhordland	8 %	13 %	7 %	24 %	34 %	10 %	4 %
Hordaland	7 %	12 %	6 %	28 %	33 %	9 %	4 %
Landet totalt	7 %	12 %	6 %	27 %	34 %	10 %	4 %
	Grønt - høgare enn landet					Raudt - høgare enn landet	

Når ein ser Nordhordland samla så vert aldersfordelinga ganske normalt samanlikna med landet totalt. Det vi skal merke oss er at Austrheim har ein lågare andel av aldersgruppa 21 – 40 både samanlikna med regionen og landet. I siste kolonnen har vi slått saman aldersgruppene 68-79 og 80+. Perlekjedekommunane har ein høgare prosentdel over 67 år enn kommunene som utgjør Alver. Desse to faktorane kan gi skeiv balanse mellom framtidige skatteinntekter og behov for utbygging av tenester for eldre.

Perlekjedekommunane nord og aust for framtidig Alver kommune.

Begrepet «Perlekjedekommunane,» var det fylkesmann Lars Sponheim som brukte først. Han brukte det om dei kommunane som låg utanfor den nye Alver kommune, som eit vakkert perlekjede av kommunar. Då han nytta begrepet, var Osterøy og med. I denne framstillinga er ikkje Osterøy med. Slik situasjonen no er blitt, vil det vere ei sentral oppgåve for desse perlekjedekommunane å utvikle eit samarbeid om tenesteutvikling.

Viss vi tar SSB sin prognose for framskriving av folketalet i desse kommunane, får vi fylgjande graf.



I fylgje prognosen, er det i Austrheim folketalet er spådd å auka mest. Kommunen si oppgåve er å tilretteleggje for ei positiv framtid slik at dette kan bli ein realitet. Ein slik folkeauke kjem ikkje av seg sjølv. Attraktivitet, tilgang på arbeidsplassar for begge kjønn er to av dei viktige faktorane for å oppfylle desse prognosane. Kommuneøkonomi til å byggje ut barnehagar, skular og tenester for eldre, er mellom andre faktorar i ei slik utvikling.



Kor mange av desse barnehagebarna bur i Austrheim i 2040? Kaland barnehage på besøk i biblioteket. Foto: Kaland barnehage.

Frivilligsentralen og Seniorsenteret

1.7.2 Frivilligsentralen

Pr. 31.12.15 hadde sentralen ca. 250 brukarar og 107 frivillige.

Målsetjing:

Vere ein møteplass som formidlar kontakt mellom menneske i lokalmiljøet.
Oppetre som katalysator for idear og forslag, og bidra til auka aktivitet og samarbeid i nærmiljøet.

Aktivitetar:

➤ Seniorsenter

Frivilligsentralen har aktivitetar på dagtid 4 dagar i veka.
Frivillige gjer ei kjempeflott innsats på Seniorsenteret.

Difor er det mogleg å fylla huset med liv, aktivitet og samhald.

Seniorsenteret er ei møteplass og bidrar sterkt til å byggje nettverk.

➤ Barnekor i 2 grupper.

Frå 4. – 5. klasse og 6. -9. klasse.

Kulturskulen i samarbeid med Frivilligsentralen.

Øving kvar tysdag på Seniorsenteret.

Diverse oppdrag på ulike arrangement, Sommarkonsert v/ Tusenårsstaden,
Framsyning av Kardemommeby. Øvingshelgar og ekstraøvingar.

Tur til Fjon med barnekor.

Julekonsert med barnekoret.

➤ Frivillige

Fleire nye frivillige til ulike aktivitetar og oppgåver.

○ Følgjeteneste

Mange får følge til f.eks. lege, sjukehus, frisør eller butikken.

○ Besøksteneste

Nye koplingar har vorte gjennomførte til felles nytte og hyggje.

○ Turvenn

Nye koplingar til menneske som treng ei turvenn.

○ Besøksteneste / Frivillige på Nordliheimen

Fleire frivillige er med og hjelper til og bidrar på Nordliheimen.

Frivillige deltek også på arrangement som rullestol- løp på ved Nordliheimen.

○ Transport

Frivillige hentar og bringer til m.a. Seniorsenteret.

○ Praktisk hjelpeteneste

Hjelp til snømoking og andre gjeremål.

➤ Utleige Seniorsenter

Frivilligsentralen er ansvarleg for drift av Seniorsenteret.

I tillegg til aktivitetar på dagtid var senteret i bruk til 133 arrangement.

Frivilligsentralen samarbeidar med lag og organisasjonar, Familiekontor, Nav, Kulturskule, kulturavdeling og andre instansar.

Innsatsen til dei frivillige utgjer 2 ½ årsverk.

Folkehelsearbeidet

Arbeid med turstiar

Folkehelsekoodinator har samarbeidd tett med leiar for kultur når det gjeld turstiar og badeområde. Tanken er at ved god tilrettelegging og lett tilkomst vil fleire kunne bruke desse fasilitetane. Alt tyder på at det er god folkehelse i turar og eit aktiv uteliv. Fokus har vore særleg på Steinalderstien ved Fosnstraumen, turstiar/vegar til Vardetangen, friluftsområdet i Øksneset og friluftsområdet i Årvika.

- No er arbeidet med steinalderstien kome eit steg vidare, dog utan at det er gjort noko arbeid i marka. Vi har konsentrert oss om å få på plass planar og teikningar. I tillegg er det arbeidd saman med Radøy kommune om informasjonsfilm og nye tavler.
- Unversell turveg frå hurtigbåtstoppet og ut til Vardetangen er på plass. Det same er ny og god tursti frå Årvika og ut til Vardetangen. På det siste her har Fønnes bygdela og Gjensidigestiftinga bidrege sterkt.
- I Øksneset har eit samarbeid mellom BOF, DRØ-vel og kommunen ført til realisering av eit grindverksbygg i friluftsområdet. Arbeidet med fleire tilretteleggingar som t.d. nytt toalett er starta opp
- Utviklinga i Årvika har gått framover, og dette er eit samarbeid mellom Fønnes bygdela, BOF og kommunen. Frisbee golfbane, lager til kajakkar og anna utstyr er siste tilskot.

Folkehelse barn og unge

Austrheim kommune har tilbod i skuleferiane til barn og unge med open hall i Austrheimhallen. Her får dei driva med eigen aktivitet med hoppemadrassar, bunggerun, ballspel, bordtennis og turn. Det er 60 - 80 barn og unge innom kvar dag.

I vår og sommar månadane har det vore mange aktivitetsdagar for barn og unge på Mastrevik kai der dei kan låne kajakkar, kano og sup-brett gratis. Det er og vann trampoline og ein runnerz til disposisjon.

Kommunale planar

Ein viktig del er å koma med innspel til kommunale planar som er under arbeid. Folkehelsekoodinator skal sjå etter at folkehelseperspektivet vert teke med og teke på alvor. Folkehelsekoodinator har delteke aktivt.

Interkommunalt arbeid

Det har vore nokre få samlingar gjennom året der folkehelsekoodinatorane har teke del. Både i regionen og på fylket. Nyttig å utveksle erfaringar med andre.

Økonomi

Stillinga som folkehelsekoodinator er plassert i rådmannen sin stab og utgjør 40 %. Frå 1.januar 2017 vert folkehelsearbeidet delt mellom Anita Soltveit og Helge Dyrkolbotn. Gjennom årleg søknad får vi eit tilskot frå Hordaland fylkeskommune på 75.000 kr til stillinga.

Kunsthuset i Austrheim

Det gamle kommunehuset er utleigd til 17 kunstnarar gjennom Kunsthuset i Austrheim. 11 av medlemmene har arbeidsstad i huset. Medlemmene driv utstillingslokala i 1. etasje på dugnad. Dei har ope utstillingslokala for publikum kvar laurdag. I tillegg vert det arrangert ulike kveldsarrangement og halde kurs/undervisning for barn og unge. Det er svært positivt å ha eit slikt tilbod i bygden

Oppvekst

Dette ansvarsområdet omfattar:

Skular (1-10):

Kaland barne- og ungdomsskule, Årås skule.



Nokre av skuleungdommane samla under Havglede arrangementet i 2017 på Mastrevik kai. Foto: Anita Soltveit.

Skular

Visjon skulane i Austrheim kommune:

Skulane skal vere: *Ein god stad å vere, ein god stad å lære!*

Det vert satsa langsiktig på kunnskapsbaserte utviklingstiltak i samsvar med tilstandsrapport en for skulane og verksemdsplanane. Stortinget gir pengar til satsinga *Tidleg innsats* på skulane som gjer at vi kan tilsetje fleire lærarar over tid på 1.-4.trinnet.

Skulane vektlegg fokus på læringstrykk, som vil seie at alle elevar skal få høve til å utvikle seg sosialt og fagleg i høve til sine føresetnader. Det omfattar også det førebuingarbeidet som elevane må gjere heime kvar dag. For å få til ein god samanheng

mellom tida på skulen og heime, er det viktig at elevane arbeider med lekser. Det er ein viktig arena for informasjon om kva vi arbeider med til dagen, og kvaliteten på det ein kan gjennomføre i løpet av ein skuledag.

Gjennom fleire år har skulane arbeidd etter grunntankane i prosjektet PALS , som vil seie ei satsing på : *Positiv åtferd, støttande læringsmiljø og samhandling*. Konkret handlar det om korleis alle som er partar i skulekvardagen gjer sitt for at skulen skal vere ein god stad å lære og ein god stad å vere. PALS gir skulane gode verktøy i arbeidet mot mobbing . Ei vidareføring av dette prosjektet er arbeidet med elevar som av ulike grunnar får store utfordringar i skulen.

Begge skulane har deltatt i Utdanningsdirektoratet si satsing “Ungdomstrinn i utvikling” i prosjektperioden 2013-2015. Arbeidet vert vidareført på skulane med ei systematisk satsing på klasseleiing og fokus på kvalitet i lese- og skriveopplæringa. Prosjektet inkluderer heile det pedagogiske personalet på skulane.

Frå hausten 2015 fram til våren 2017 har skulane delteke i Utdanningsdirektoratet si satsing på «Vurdering for læring». Satsinga har fokus på at elevane skal vite kva dei skal lære, kvifor deg skal lære og korleis arbeidet vert vurdert. Elevmedverknad i vurderingsarbeidet er ein viktig del av dette arbeidet. Prosjektet inkluderer heile det pedagogiske personalet på skulane.

Realfag er eit satsingsområde gjennom eit fast formalisert samarbeid med Austrheim vidaregåande skule og Statoil Mongstad. Skulane deltek også i realfagsprosjekt som Lektor 2 og Den naturlege skulesekken. Austrheim kommune søker om å verte Realfagskommune i 2018. Skulane tek del i programmet *Den gode barnehage og skuleeigar* i regi av KS. Skulane er med i satsinga *Rettleiarkorps* i regi av UDIR.

Slik arbeider skulane med å dokumentere resultat i høve til elevane sitt læringsmiljø:

- ✓ Dokumentasjon frå skulen som utgangspunkt for utviklingssamtalar.
- ✓ Tilbakemelding frå elevar gjennom elevsamtalar og klassemøte.
- ✓ Tilbakemelding frå elevar og føresette på utviklingssamtalar og andre møtepunkt.
- ✓ Årlege nasjonale prøvar i lesing, rekning og engelsk på 5.trinn, 8. trinn og lesing og rekning på 9.trinn i regi av Utdanningsdirektoratet.
- ✓ Elevundersøkinga på 7.trinn og 10.trinn, som m.a. gir tilbakemelding på trivsel, mobbing, og lærarane sin vurderingspraksis i regi av Utdanningsdirektoratet.
- ✓ Eksamensresultat, sluttvurdering i 10.klasse, og grunnskulepoeng for avgangselevane.

Resultat og tilbakemeldingar vert drøfta kontinuerleg på kvar skule, og lagt til grunn for refleksjon over praksis, strategi for utvikling og endring av praksis. Resultata vert gjennomgått i skulesektoren sin årlege tilstandsrapport , som vert lagt fram for kommunestyret.

Betre læring

Elevdeltaking, SOL (systematisk observasjon av lesing på alle trinn), og arbeide systematisk med lesing i alle fag. Utvikle klasseleiingskompetanse gjennom kollegarettleiing, og utvikle gode vurderingsrutinar (Vurdering for læring). Kollegarettleiing med fokus på klasseleiing

Prosjektet *Two Teachers*, eit forskingsprosjekt som går over fire år som vart starta opp hausten 2016. Det skal forskast på kva læringseffekt det er av å ha to pedagogar i norskfaget som ein del av satsinga på tidleg innsats.

Bygge opp kompetanse i fellesskap (skulebasert kompetanseutvikling) innafor satsingsområda.

Den naturlege skulesekken – eit satsingsfelt i regi av Utdanningsdirektoratet, som har som mål å utvikle medvit om berekraftig utvikling og auka miljøengasjement hjå elevar og lærarar. Partnerskapsavtalen med Statoil og Lektor II er verdifulle tiltak i arbeidet med realfag.

Betre resultat - Utvikle gode dokumenteringsrutinar og god analysekompetanse hjå lærarane gjennom bruk av analyseverktøya PULS og VOKAL. VOKAL gir tilbakemelding om korleis elevane meistarar, heilt ned til individnivå. Bruke elevundersøkinga til utviklingsarbeid.

Spesialundervisning

I dag får 11 % av elevane i grunnskulen i Austrheim spesialundervisning. Det er sett i gang eit tverrfagleg arbeid for at fleire elevar kan få tilpassa opplæring innafor dei rammene skulen disponerer. Målet er å redusere talet på elevar med spesialundervisning - ned mot 6-7%. Tanken er at fleire elevar kan få eit tilfredsstillande opplæringstilbod gjennom tilpassa opplæring. PPT skal arbeide meir systemretta saman med barnehagane og skulane, og slik dra nytte av å sjå samanhengar i opplæringsløpet som kan kome barna til nytte. Målet er at PPT får kome tidleg inn med rådgeving i høve tiltaksvurdering og organisering, og bidra til eit godt utviklingsarbeid både i barnehagane og i skulane.

Permisjonsreglementet

Det er ei utfordring for kvaliteten på opplæringa både for einskildelevar og klassar at føresette søkjer sine barn fri utanom skuleferier. For den/dei det gjeld erfarer skulen at det er eit reelt tap av læringsutbytte både i forkant og etterkant av reisa.

Skulefritidsordning

Skulefritidsordninga (SFO) er eit tilsyns- og omsorgstilbod for barn på 1 - 4. trinn før og etter skuletid. Det er etablert slik ordning ved begge skulane i skuleåret. Tilbod ut over skuleåret (feriane) er lagt til Kaland barne- og ungdomsskule, som eit felles tilbod for begge skulekrinsane.

Skulebygningane

Årås skule vart rehabilitert utvendig 2016 med nytt tak, ventilasjonsanlegg, nye dører og vindauge. På grunn av høgt støynivå skal ventilasjonssystemet på Årås utbetrast våren 2018. Kaland barne- og ungdomsskule er i gang med rehabilitering av skulebygningar og basseng. Skulane treng ei oppgradering av uteområdet.

Kompetanse

Det er svært viktig at lærarar og assistentar får tilbod om etter/vidareutdanning og relevante kurs for å møte nye krav til kompetanse i ulike styringsdokument.

Satsingsområde

Satsingsområda på skulane i perioden 2018-2021, er gjort greie for i verksemdsplanane som er utarbeidd ved skulane.

Kaland barne-og ungdomsskule

1. Tenester

1.1 Elevgrunnlag

Kaland barne- og ungdomsskule er ein fulldelt 1-10 skule.

Ved årsskiftet 2017/2018 var det 148 elevar ved skulen. 33 av desse er heimehøyrande i Åsheimkrinsen, Lindås kommune. Dette er ein liten nedgang i elevtalet frå tidlegare år. Innskriving viser at det skal byrja 18 elevar i komande 1.klasse.

Storleiken på klassane er ulik (haust 2017):

Klasse	1.kl	2. kl	3. kl	4. kl	5. kl	6. kl	7. kl	8. kl	9. kl	10.kl
Elevar	13	17	21	13	7	18	14	16	13	16

1.2 Valfag/tilvalsfag

Tilvalsfag: Skulen tilbyr spansk og tysk som 2. framandspråk, engelsk fordjuping og arbeidslivsfag.

Valfag: Skulen tilbyr Fysisk aktivitet og helse, Innsats for andre og Trafikalt grunnkurs.

1.3 Bygg

Det er eige basseng på skulen, så elevane skal få opplæring i symjing på alle årstrinn. Bassenget vert utlånt til skular både i kommunen og i andre kommunar. Garderobar og basseng har vore stengte i 2017 på grunn av renovering. Kaland1 – bygget står til vurdering.

1.4 SFO

Skulen tilbyr heilårs-SFO. Det har vore 21 påmelde i dette tilbodet. Ein tek også i mot SFO-born frå Årås i skuleferiar. SFO tilbyr smørjemåltid kvar dag, og av og til er det varm mat på bordet. Ein kan kjøpe ekstra tid.

1.5 Data

Skulen har digitale skjermar/Smartboard i alle klasserom.

2 Handlingsprogram

Skulen sin visjon er **Kaland skule - ein god stad å vera, ein god stad å læra!**

2.1 PALS:

Kaland barne- og ungdomsskule er ein PALS-skule. Skuleåret 2017 – 2018 har vi hatt ein «omstart» med ny rettleiar og ny gjennomgang. Det er ei PALS-gruppe som driv arbeidet på skulen. Mottoet er ansvar, omsorg og respekt, med vekt på positive vaksne.

2.2 Vurdering for læring

Det er Vurdering for læring initiert av Utdanningsdirektoratet som er utviklingsarbeidet våren 2017. Arbeidet med vurderingskriteriar og lokale læreplanar skal vera ferdig til skuleslutt, men det er også eit vedvarande arbeid.

2.3 Framføringar

Skulen øver på å gjera elevane trygge på framføringar på scene. Også hausten 2017 hadde skulen ein vellykka Bygdekveld med innslag frå alle elevane. I alle fag arbeider ein også med å gjera elevane trygge og gode på å framføra.

2.4 Trivselsprogrammet

Skulen tek del i Trivselsprogrammet. Her vert elevar kursa i å vera aktivitetsleiarar i friminutta, og dei gjennomfører og leiar friminuttleikar. Dette har hatt positiv verknad på miljøet på skulen.

FAU støttar dette programmet med pengar til «premie» for dei som har vore Trivselsleiarar.

2.5 Tidleg innsats

Småtrinnet har fått ekstra lærarstyrking.

3 Måloppnåing

Skulen hentar inn ulike data for å sjå på måloppnåing på alle nivå. Desse vurderer skulen internt for vidare oppfølging.

Skulen tek i bruk alle kartleggingsprøvar som ligg føre på småtrinnet. Resultata vert brukt i det vidare arbeidet med faga.

Elevane på 5.trinn, 8. trinn og 9.trinn har hausten 2017 gjennomført nasjonale prøvar i lesing, rekning og engelsk. Dei viser jamt over eit greitt resultat, sjølv om vi hadde forventa det betre. Vi scorar litt under gjennomsnitt. Ei av oppgåvene framover vert å sjå på kva som kan vera årsak til dette.

Elevane på 7.trinn og 10.trinn har gjennomført Utdanningsdirektoratet sin obligatoriske Elevundersøking.

Skulen har også hatt ein lokal årleg «trivselsundersøking» på barnetrinn og ungdomstrinn. Den viser at det førekjem lite mobbing, men at nokre elevar svarar at det finst av og til.

Eksamensresultata for 10.klasse våren 2016 viser resultat på linje med standpunktkarakterane, og på gjennomsnitt for landet elles.

4 Utfordringar

Skulen arbeider kontinuerleg for å gjera skulen mobbefri.

Arbeidet med å styrkja leseopplæringa er også eit kontinuerleg arbeid. Det er viktig med tidleg innsats.

Fagleg utvikling for alle elevane er viktig, og det er viktig å følgja opp læreplanar og resultat frå ulike prøvar og undersøkersar.

Skulen ligg godt over landsgjennomsnitt når det gjeld spesialpedagogisk hjelp. Skulen har prøvd å få dette talet ned, men det har vist seg å vera vanskeleg.

5 Økonomiske resultat

Vi har klart å halda årsbudsjettet.

6 Personalet

Det er ca 19 lærarårsverk ved skulen fordelt på 23 personar, i tillegg til inspektør og rektor. 5 av dei er menn. Personalet høg fagleg kompetanse.

Administrasjonsressursen er 80% + 50%, høvesvis rektor og inspektør. Skulen har rådgjevar i 20% av stillinga si. Kontorpersonale i ca 50 % stilling.

Det er god aldersblanding i personalet.

Assistentressurs på skule og SFO er om lag 5,8 årsverk fordelt på 7 tilsette. SFO-leiar har administrasjonsressurs på 20 %. Lærling i barne- og ungdomsarbeiderfaget frå haust 2017

Skulen har 1 vaktmeister og 3 reinhaldarar i ulike stillingar.

6 Tverrsektorielt samarbeid

Kaland barne- og ungdomsskule har samarbeid med Familiekontoret i kommunen, barnevernstenesta og helsesøster. Det er også eit samarbeid med BUP Nordhordland. Statped Vest har også vore inne som samarbeidspartnar. Det er også eit samarbeid med Autismeteamet.

Skulen har samarbeid med barnehagen ved ulike høve.

Det har vore eit langvarig samarbeid med Statoil Mongstad, Årås skule og med Austrheim Vidaregåande i samanheng med Partnerskapsavtalen og realfagsprosjektet Lektor II. Det har vore fleire besøk på Statoil Mongstad og på skulen innanfor desse to samarbeidsområda.

Årås skule.

Teneste:

- Årås skule - Grunnskule 1-10. 238 elevar pr. 31.12. 2017
- Opplæring av barn og unge etter Opplæringslova og Kunnskapsløftet.
- SFO: Tilsyns- og omsorgstilbod for barn på 1.- 4. trinn før og etter skuletid.

Handlingsprogram:

Personalet ved skulen har lang erfaring og høg fagleg kompetanse. Ein søker å utføra arbeidet i tråd med krav og forventningar i Kunnskapsløftet, "Læringsplakaten" – prinsipp for opplæringa. (KL06), *St.meld.28* samt kommunens og skulen sine satsingsområde.

Visjon

- Årås skule skal vera ein trygg stad å vera og ein trygg stad å læra.
- Motto i visjonen: Eleven i sentrum!

Kommunestyret si målsetjing for Austrheim-skulen sidan 2007:

- Betre Læring
- Betre resultat
- Læringsmiljøet i sentrum

Måloppnåing:

- **Betre Læring**
Årås skule har ressursar til å dele store klassar, slik at kvar elev får meir oppfølging både fagleg og sosialt. Motiverte kompetente pedagogar og assistentar som samarbeider om felles læringsmål for elevane. God kommunikasjon og samarbeid med dei føresette er ein føresetnad for at det skulen set fokus på skal få læringseffekt for elevane. Prioritering av kompetansemål, fokus på grunnleggjande ferdigheiter, vurdering for læring og systematisk arbeid med PALS er handlingar som gir betre læring som resultat. Alle elevar har krav på tilpassa opplæring.
- **Betre resultat**
Analyse av resultat. Elevane må delta i eiga vurdering og dei må vite kva dei skal lære, kvifor dei skal lære og korleis ulike arbeid vert vurderte. For at elevane skal utvikle seg fagleg og sosialt, må dei få konkret tilbakemelding på korleis dei individuelt og i gruppe skal arbeid for å oppnå mål undervegs i opplæringsløpet. Skulen må arbeide analytisk og systemisk med resultatane på nasjonale prøver. Årås skule har gode eksamensresultat, det er godt samsvar mellom standpunktkarakterar og eksamenskarakterar. Det har vore ei positiv utvikling vedkomande elevane sine grunnskulepoeng.
- **Læringsmiljøet i sentrum**
Alle tilsette har stort fokus på at elevane skal trivst og at ingen skal verte ståande utafør fellesskapet. §9A i Opplæringslova er skjerpa i høve til elevane sitt læringsmiljø. Skulen har handlingsplanar for å motarbeide mobbing og elevundersøkinga viser at det er svært låge tal på dei som seier at dei vert mobba. Den ideelle målsetjinga er at ingen vert mobba. Fokus på klassemiljø, satsing på PALS, trivselsleiarar og tiltak som skal styrke samhald og trivsel.

Utfordringar:

- Nok ressursar til å løyse både faglege og spesialpedagogiske oppgåver.
- Små klasserom.
- Gi lærarane kompetanse til å meistra den sosialpedagogiske oppgåva i skulen.
- Klasseleiing av store elevgrupper.
- Tilpassa undervisning i store og ueinsarta elevgrupper med avgrensa ressursar.
- Oppfølging av nasjonale prøver.
- Gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring.
- Nytt IKT som reiskap i fagleg samanheng.
- *Kunnskapsløftet* sine krav.
- Rekruttering av nye lærarar for dei som frå sommaren, og nokre år framover, kan gå/går av med pensjon.
- Eit aktiviserande uteområde.

Økonomisk resultat

Viser til rekneskapsrapport frå økonomikontoret. Rekneskapa for Årås skule vil vise eit overskot for 2017. Skulane har fått 150 000 frå investeringsbudsjettet for inneverande og kommande år. Av desse midlane har Årås skule fått 90 000 kr. Desse midlane vil hovudsakleg verte brukte til nye lærar- og elevmaskiner.

Skulane har også fått avsett 800 000 over to år til innkjøp av tavler i klasseromma. Dette er eit skikkeleg løft for skulane, og hjelper oss både når det gjeld rekruttering av nye lærarar, og å oppfylle ein større del av krava til å følgje opp den teknologiske utviklinga.

Vi treng pengar til å kjøpe inn nye pultar og stolar. Lysarmaturen er øydelagt i mange av romma og må skiftast ut.

Romløyisinga på Årås skule er vanskeleg. Skulen har i dag ei planløyising som gjev få moglegheiter til å gje tilbud til elevane om undervisning i mindre grupper og til einskildelevar som treng eige rom. Skulen har i dag relativt mange elevar som treng slik tilrettelegging.

Personalet –skuleåret 2017/2018

- Årås skule har 26 lærarstillingar fordelt på 30 lærarar, rektor i 100% stilling, inspektør i 80% stilling og 9 assistentar fordelt på 8,5 stillingar i skule og SFO.
- Lærarane har høg utdanning. Dei fleste har minst adjunktkompetanse. .
- Skuleassistentane/ fagarbeidarane arbeider med enkeltelevar i skuletida og dei er i SFO. Assistentane/ fagarbeidarane ved Årås skule er godt kvalifiserte, og mange har lang erfaring frå yrket.
- Det er svært viktig at lærarar og assistentar får tilbud om etter/vidareutdanning og relevante kurs for å møte nye krav i ulike styringsdokument.
- Personalet på Årås skule er svært engasjerte og positive arbeidstakarar som har fokus på arbeidsoppgåvene og eit godt samarbeid med føresette, kollegaer og fagleg samarbeidspartnarar.

Barnehagar

Gode pedagogiske barnehagar- også med fokus på kompetanseauke



Barnehagebarn lagar pepparkakehus. Det stundar mot jul. Frå eit familiearrangement med Anne Hvitsten på biblioteket. Foto: Anita Soltveit

Barnehagane i Austrheim har dei siste åra lege relativt stabilt når det gjeld talet på antal born. Litt svingingar har det vore, noko som gjenspeiler fødselstal og tilflytting i kommunen.

Hovudsatsingsområde for tidleg innsats i begge barnehagane: Språk, kommunikasjon, sosiale ferdigheiter (vennskap, mobbing, etc.) og "De utrolige årene" (DUÅ). Det siste handlar om å gi vaksne god kompetanse i å kommunisere med barna, og det å skape høg kvalitet på relasjonar mellom vaksne og barn. Barna får også auka sosial kompetanse og auka respekt for kvarandre som individ. Begge barnehagane ser god effekt av DUÅ.

I 2015 starta begge barnehagane opp med "Dinosauerskulen". Målet med Dinosauerskulen er kort fortalt å styrkje barna sin sosiale og emosjonelle kompetanse, og å styrkje barna sitt sjølvbilete og oppleving av meistring. Dei øver på å forstå følelsar hjå seg sjølv og andre, ta andre sine perspektiv, bli betre til problemløysing og konfliktløysing, bli betre på sjølvregulering og sjølvkontroll.

Ein ser den gode effekten av DUÅ m.a. på følgjande måtar:

- samkjørt og trygg vaksenkontakt med barna
- mindre åtferdsvanskar
- ein roleg atmosfære i barnehagen
- mindre mobberelatert åtferd

I begge barnehagane ser ein behov for kursing og vidareutdanning for å kunne vera oppdaterte innan DUÅ/Dinosauerskulen og innan andre områder. Difor har ein prioriterte dette om ein har funne midlar til eksterne kurs/utdanningar, og barnehagane har eit bevist forhold å ha tydeleg fagleg innhald på personalmøte.

Talet på minoritetspråklege barn er aukande. Dette kjem av arbeidsinnvandring, familiegjenforeining og at kommunen har tatt imot flyktningar dei to siste åra.

Det ser ut for at den totale barnehagekapasiteten i kommunen er god nok førebels. Både Kaland barnehage og Austrheim kystbarnehage har litt å gå på i 2017.

Kaland barnehage har, p.g.a. bygningsmessig kapasitet, stabilisert kapasiteten på godkjent kapasitet, som er 72 barn. Plangruppa for ny barnehage på Kaland har arbeid godt i 2016, og ein fekk i starten av 2017 positivt vedtak i kommunestyre om at det skal byggjast ny barnehage som erstatning for den gamle.

Austrheim Kystbarnehage

Tilsette pr. des. 2017: Totalt 30 årsverk fordelt på 37 tilsette. Tal pedagogar: 11.

Spes.ped koordinator: 1. Administrasjon: 2

1. Tenester.

Barnehagen leverer tenester i henhold til barnehagen sitt samfunnsmandat og utfører tenester etter barnehageloven og forskrifter. Barnehagen har ingen endringar i vedtektene 2017 og organisering er den same som 2016. Hovudopptak er 1 mars, men suppleringsopptak og tildelinga av plassar skjer fortløpande dersom det er ledige plassar. Desember 2017 hadde me totalt 132 plassar, eit barn på venteliste. Barn fordelt etter år:

	2016	2015	2014	2013	2012	Totalt
Haust 2017	16 barn	20 barn	19 barn	21 barn	26 barn	102 barn

2.

Handlingsprogram/Mål

Barnehagane fekk ny rammeplan august 2017. Denne danner grunnlag for vår Årsplan.

Viktige arbeidsområde er:

Sosial kompetanse

- Eit årshjul som inneheld ulike tema og arbeidsmetodar for å ivareta implementeringsarbeidet i DUÅ. Dette vert godt ivaretatt i Duå team møter og arbeid på avdelings og personalmøter.
- 10 nye tilsette frå vår barnehage som deltek i DUÅ grunnskurs med Workshop. Me har eige personale som er kvalifiserte kursleiarar, dei har i tillegg veiledning mellom workshop. Nye tilsette skaper også nyttig og faglege engasjement til i Duå arbeidet.
- Dinokule for førskulebarn. Formålet med programmet er å styrkja barna sin sosiale og emosjonelle kompetanse, utvikla gode evner for venne og problemløysing og fremme sjølvregulering. I tillegg er arbeidet viktig for å førebyggje negativ samspel og mobbing.

Språk

Når me arbeider med språk i barnehagen er personalet viktige støtte spelarar og gode rollemodelar ved å:

- La borna «bade i språk» gjennom ulike aktiviteter; leike med lyd og rytme, lytte, samtale, synge og fabulere
- Tolkar det barnet vil uttrykke gjennom gester og kroppsspråk, gjenta med rett utale
- I tillegg til å vere gode språkmodellar har me tatt i bruk **Språkløyper** som er ein kompetanseutviklingspakke for barnehagepersonalet. Målet er å styrke barnehagen sitt daglige arbeid med barna si språklæring gjennom ulike leseaktiviteter.
- Barnehagen har 17 minoritetspråklege barn . Derfor søkte me for å få delta i Egmond Fonden sitt prosjekt «Bravoleken» som er eit større språksatsing retta mot flyktningebarn. Me har mottatt 3 pakker med materiell à ein verdi på 12.000,-
Me gjennomfører i dag Bravoleken på alle avdelingar, 10 minutt øker kva dag med fokus på bilder, ord og konkreta. Har brukt Bravoleken i eit år no, litt tidleg å seie noko om effekt enno, men borna er svært engasjert.

Uteliv/kystkultur

- Me vil gje borna gode opplevingar i skog, mark og i den vakre skjærgården. Støtte opp om borna sin nygjerrigheit, skaperglede, lærelyst og gleda over å vera ute i naturen. Gje dei «dette er livet»opplevingar.
- Gje dei kunnskap om Planter, dyr, fiskar, båtutstyr, historiske plassar og korleis me ivaretek naturen. Sjå kystkultur som ein viktig del av rammeplanen.
- Respekt og kunnskap om vind og ver. Riktig kler.

3 Internkontroll.

Me har godt innarbeida interkontrollrutiner.

Beredskapsplaner for turar/båtturar, brann, barn i sorg og krise, ved ulykker, dødsfall og antimobbepplan.

I handlingsplan for arbeidsmiljø og rapport etter vernerunde vert levert kvart år.

4. utfordringar

Sjukefråvær har vore høgt over fleire år . Denne hausten ekstra høgt, ca 20%, med fire langtidssjukemelde i tillegg til eigenmeld fråver.

Det er ulike grunnar til dette. Det er ein arbeidsplass med tette relasjonar mellom barn og vaksne slik at smittefaren er større i barnehagen enn andre stader. Men mange melder frå om at det er stort arbeidspress, det er store barnegrupper og ein travel kvardag. Me har mykje tilgjengeleg

hjelpeutstyr for å gjera kvardagen lettare; Heve senke stellebord, tilpassa stolar til bord, krakkar og avlastningsbenkar i garderobe for å letta påkledning.

Som IA bedrift har me plikt å tilrettelegge for dei som treng det. Men over tid vert det stor belastning for dei friske som er igjen som skal ta hensyn til mange vikarer og til personar som treng tilrettelegging.

Me har søkt tilskudd gjennom Nav arbeidslivssenter slik at me har fått dekkja kostnader til personalsamlingar. Strukturerte samlingar i samarbeid med Arbeidslivssenteret rundt tema arbeidsmiljø har vore nyttige.

- Me har i dag 17 minoritetsspråklege barn, som me har tilpassa språkopplæring til. Borna tilpassar seg stort sett fort, men me kjenner på at me skulle hatt meir kunnskap til språklege utfordringane. Bør få på plass gode rutiner når kommunen tek imot flyktningar, veit at året i år har vore spesielt, men me må ha betre planar for korleis me tek imot flyktningar. Korleis ivareta språkopplæring og ei god integrering. Barnehagen er ein viktig møteplass for foreldra og barna.

5. Økonomisk resultat

Budsjettarbeidet i forkant av 2017 bar preg av eit stramt og utfordrande budsjettår for barnehagen. Me skulle redusere drift med 2 stillingar frå august, i stadenfor fekk me fleire barnehagesøknader enn forventa også barn som trengte spesialpedagogisk hjelp og individuell tilrettelegging. Frå hausten måtte me difor auke opp med 2 stillingar i tillegg til dei me hadde på våren. Søknader varierer frå år til år, det gjer budsjettarbeidet utfordrande. Når me kjem ut med eit stort negativt resultat er det ut frå desse kommentarane:

- Lønskostnader ved auka stillingar:
Differanse rekneskap/budsjett 580.000,-.eks andre lønskostander
- Redusert foreldrebetaling/ gratis kjenetid for foreldre med låg betalingsevne. Me har 15 foreldre med vedtak om redusert betaling og kostnad vert ført på barnehagen. Differanse rekneskap /budsjett 200.000,-
- Inventar. Investering av solskjerming til småbarn. I tillegg er det fleire barn i barnehagen slik at det er kjøpt inn garderobeskap og anna utstyr.
Differanse rekneskap /budsjett 60.000
- Foreldrebetaling. Vanskeleg å berekna kva inntekter me får frå august til desember. Mange barn under 3 år i år og dei tek to plassar og betaler for ein.

Differanse rekneskap /budsjett : 140.000

6. Personalet.

2/3 av personalet går i reduserte stillingar, ingen av dei fast tilsette ynskjer å auka opp.

100% 13 stykker, 80% 17 stykker, 60% 4 stykker og 40 % 3 stykker

Personalgruppa pr des - fordelte seg slik:

Stillingar innan	Årsverk	Antal vaksne
Administrasjon	2	2
Spesped koordinator	0,80	1
Pedagogisk leiar/barnehagelærer	11,0	13
<u>Assistentar</u>	10,6	14
<u>Fagarbeidare</u>	5,6	7
Totalt	30	37

7. Tverrsektorielt samarbeid.

- Barnehagen har i samarbeid med skulen utarbeidd ein plan for overgang mellom barnehage og skule
- Austrheim vg skule og i år elevar i praksis i barnehage, 4 stykker frå Bu og 2 frå Helse og oppvekst.
- Både PPT og barnevernet har hatt mange utskiftningar i personalet dette året, det har naturleg nok ikkje vore det same samarbeidet i år som tidlegare. Men me er på god vei til å samkøyre oss igjen. Alle parter ser nytte av å få til samarbeidsmøter og arbeidsformer der alle er inkludert.

8. Brukarane.

Me oppfattar at foreldregruppe er godt fornøyd med barnehagen. Me har også i år strekt oss langt for å finna gode løysingar slik at foreldre har kunne velja dagar.

Faste møter med FAU og SU der me tenk opp ulike saker frå barnehagen. Me har foreldresamtalar 2 gonger i året og den daglege samtalen i garderoben er viktig for å sikra eit godt samarbeid med foreldra.



Øving er viktig. Doktorleik i Kaland barnehage. Foto: Kaland barnehage

Kaland barnehage

Denne barnehagen har i utgangspunktet kapasitet til 94 plassar. Pr. desember 2017 hadde Kaland barnehage 62 born, fordelt på 84 plassar.

Tilsette: 20,8 årsverk fordelt på 23 tilsette. Tal pedagogar: 7, medrekna spesialpedagogstilling.
Administrasjon: 1,4 årsverk.

1. Tenester og måloppnåing:

Hausten 2017 gjennomførte vi UDIR si foreldreundersøking. Den tok føre seg 8 ulike område: Ute-, og innemiljø, relasjon barn/vaksen, borna sin trivsel, informasjon, borna si utvikling, medverknad, henting og levering, tilvenning og skulestart. Vurderinga innafør områda vart gjort på ein skal frå 1 til 5. Gjennomsnittleg score låg på 4,7. Området vi kom desidert dårlegast ut på var ute- og innemiljø, og best resultat hadde vi på relasjon barn/vaksen og trivsel.

Ny Rammeplan for barnehagen vart gjeldande frå 1.august 2017. Heile personalet har fått kurs i denne, og den dannar grunnlag for Årsplanen vår for inneverande barnehageår. Denne finn de på austheim.kommune.no. Årsplanen er det viktigaste arbeidsdokumentet vårt, og den syner brukarar og eigar kva tenester vi tilbyr ved barnehagen. Vi jobbar kontinuerleg med implementering av den nye planen gjennom metodar for ein «lærande organisasjon»

2. Handlingsprogram:

Satsings-område	Mål	Tiltak	Resultatoppnåing
DUÅ	Fremje sosial og emosjonell kompetanse hjå borna. Motverke mobbing	Implementering Dinosauruskule	Har laga årshjul og arbeidar kontinuerleg med dette Ein pedagog har teke kurs og driv DUÅ-kurs for nytilsette og vikarar (totalt 6 kursdagar) Vi har no 4 personar som har teke kurs og kan drive Dinosauruskule for dei eldste borna 2 gg pr veke. Svært positive resultat
IKT	Digitale verktøy som ei kjelde til leik, kommunikasjon og kunnskapsinnhenting	Intern opplæring Tilpassing til ny rammeplan	Smartboard-tavlene er stort sett i dagleg bruk saman med borna både til leik og læring. Dei vert og mykje brukt i samband med kompetansehevingstiltak for personalet. Ipad brukar vi saman med born som har særskilde behov – apper som er tilpassa alder. Vigilo – dette verktøyet har gjort at vi har fått ein betre oversikt over personale, born og kva vi gjer på. Får gode tilbakemeldingar frå foreldre på at dette er eit utmerka kommunikasjonsverktøy.
Leiar-opplæring Kompetansetiltak	Kompetanse for framtidens barnehage Fagleg utvikling og kvalitet lærande organisasjon	Kursdagar for alle tilsette Interne møte	Blitt kjent med hovudkrava i Rammeplanen Assisterande styrar har gjennomført nasjonal styrarutdanning, og ein pedagog har gjennomført pedagogisk vidareutdanning i regi av UDIR. Har tileigna oss ein auka kompetanse i personalgruppa som kjem alle til gode

Språk	Styrke borna sin språklege kompetanse	Dialogisk lesing Samtale språkgrupper Teikn til tale Språkløyper	Er svært bevisste i høve til språkarbeid, og brukar kartleggingsverktøy for å sjekke ut språkutvikling Har gjennomført 7 av 10 modular i Språkløyper for barnehagen (tek resten vår 2018)
--------------	---------------------------------------	--	--

Utfordringar:

Økonomiske rammer	Stramme økonomiske rammer gjer til at ein heile tida må tenkje sparing og prioritering. Mange gode ynskje for inventar og utstyr kan ikkje imøtekomast. Midlane vi har må nyttast til det alle mest nødvendige. Vi prøver å spare på vikarbruk og personal- og avdelingsmøte er kutta til eit minimum.
Lokalitetar	Mangel på grupperom og lager er ei dagleg utfordring, det same gjeld garderobar og stellerom som er altfor små. Personalhuset manglar alt av universell utforming, og er ei mellombels løysing som har vart i over 5 år no. Vi ventar i spenning på ny barnehage!
Vedlikehald	Førefallande vedlikehald vert stort sett teke etter kvart, men vi merkar reduksjon i vaktmeistartenesta, og større vedlikehald som til dømes både utvendig og innvendig målararbeid vert det gjort lite av. Oppgradering av utearealet er under arbeid.
Born med særskilte behov	Vi har mange born som treng særskilt tilrettelegging og opplæring. Dette krev både kompetanse, nok personale og nok plass. Til tider kan det vere utfordrande å organisere dette arbeidet, og å finne rom til alle.

Personale

Styrar:	100%	Styrarassistent.:	50%
Pedagogisk leiar:	530%	Spesialpedagog:	100%
Fagarbeidar:	820%	Assistent:	440%
Lærekandidat:	100%	NAV-tiltak:	180%

Arbeidsmiljø

Kva	Mål	Tiltak	Resultat
Personal-samarbeid	Trivsel og kompetanse	Handlingsplan	Utarbeidde Handlingsplan for arbeidsmiljøet i februar. Trivseltiltak og DUÅ for vaksne er ein viktig del av planen
		Eigenvurdering i høve til denne	Ikkje gjennomført eigenvurdering, men alle har delteke i evaluering av Handlingsplanen

Vaksenopplæringa:

Vaksne norske elevar, vaksne minoritetsspråklege elevar.

Eit overordna mål for dette ansvarsområdet, er å skape god ressursutnytting, og gode tilbod gjennom tverrfaglege samarbeidsordningar.

Vaksenopplæring- norske elevar

Til saman er det nytta ca. 66% stilling til dette føremålet. Brukarane av tenestene får eit personleg tilpassa undervisningstilbod. Ein viktig, men høvesvis liten del av dette tilbodet er logopedtilbod til afasi-/slag-pasientar.

Vaksenopplæring- minoritetsspråklege elevar

Ved utgangen av 2017 hadde vi 2,94 årsverk til norskundervisning av vaksne minoritetsspråklege elevar inkl. 10% stilling til administrasjon (koordinator for VO). Vi har godt kvalifiserte lærarar i dei fleste av stillingane no. Alle stillingane som gjeld undervisning av elevar med rett og plikt til norskopplæring skal verte dekkja gjennom statlege tilskot .

Etter 01.01.2015 vert det ikkje gitt tilbod om norskopplæring for arbeidsinnvandrarar på kveldstid. Det var eit tilbod som vart for kostnadskrevjande for Austrheim kommune å tilby.

Innhald i vaksenopplæringa for minoritetsspråklege elevar:

- ✓ Norskopplæring for vaksne minoritetsspråklege elevar
- ✓ Introduksjonskurs for flyktningane som Austrheim kommune tar imot
- ✓ Gjere flyktningane kjende med korleis det norske samfunnet fungerer nasjonalt og lokalt- med særleg vekt på utdanning, det å bu, yrke og arbeidsliv
- ✓ Språkarbeidsplassar for flyktningar
- ✓ Arbeidslivsnorsk
- ✓ Oppfølging av elevane i og verksemdene som tilbyr språkarbeidsplassar

I tillegg til dette, har vi i 2017 gitt undervisning (50 timar) i samfunnskunnskap. Vi har også kjøpt grunnskuleutdanning for vaksne minoritetsspråklege elevar gitt i Lindås kommune. Førebels er elevtalet som treng dette tilbodet for lågt i Austrheim kommune til at vi kan gi denne undervisninga her i kommunen.

Målsetjing framover:

Flyktningar mellom 18 og 55 år som kjem til Austrheim kommune er omfatta av introduksjonsloven, som set krav om rett og plikt til deltaking i introduksjonsprogrammet. Programmet skal starte innan tre månader etter busetjing, og kan vare i inntil to år. Det skal innehalde norskopplæring, samfunnskunnskap og tiltak som førebur vidare opplæring eller tilknytning til arbeidslivet.


Målet for VO er at kvar deltakar skal få opplæring ut frå eigne føresetnader og behov, og at dei når måla i norsk, som relevante/oppnåelege for dei innan kortast mulig tid. Vidare gjere dei klare for arbeidsliv/vidare utdanning innan 2 år når introduksjonsprogrammet er ferdig.

Barnevern

Barnevernstenesta gjeld for barn i alderen 0-18 år. Barnevernstenesta har 3,80 % stillingar, ein fagleiar i 100% stilling og 3 barnevernskonsulentar. I løpet av 2017 har det vore store endringar i bemanninga. Barnevernsleiar og 1 barnevernkonsulent slutta i løpet av 2017. Det har og vore leigd inn ein konsulent i 100 % stilling fram til september 2017. I juni 2017 blei det tilsett to nye barnevernskonsulentar og i september 2017 vart det tilsett ny barnevernsleiar.


Austrheim barnevern har avtale med Fedje kommune, som kjøper barnevernstenester.

Utviklinga i tal bekymringsmeldingar i perioden 2011 til 2017.



I 2017 var gjekk alle 38 bekymringsmeldingner til undersøking.

Utvikling i økonomi som gjeld barnevernet i perioden 2015-2017.



Teneste 2440 er utgifter til barnevernet sin administrasjon. Viktigaste grunnen til endringa mellom teneste 2440 og 2510, er at tidlegare innleigd konsulent si lønn vart delt mellom dei to tenestene. No er all lønn ført på 2440. 2520 Tiltak utanfor heimen, er kostnader med fosterheimar og barn på barnevernsinstitusjonar. Største grunnen til auken, kan tilskrivast fleire slike plasseringar.

Utfordringar:

Den største utfordringa for barnevernstenesta framover er korleis ein skal få til ei teneste som på ein god måte tar vare på og set i verk dei rette tiltaka som barna i kommunen har krav på.

Regjeringa har sagt at den statlege delen av barnevernet skal leggjast ned og alt ansvaret skal overførast til kommunane. Dette vert ei stor utfordring for ein liten kommune.

Samarbeid med andre instansar:

Her kan nemnast; PPT, helse, psykisk helse, skular, barnehagar, fosterheimar, besøksheimar, politi, advokat, NAV, Bufetat, Fylkesmannen, BUP, mf.

Kompetanseheving: Dei tilsette ved barneverntenesta er i gang med ei rekke kompetansehevende tiltak, dette vil strekke seg inn i 2018 og dei neste åra. Føremålet med denne kompetansehevinga er å kunne handtere fleire og fleire tiltak sjølv utan å måtte leige inn dyrare spisskompetanse.

Utfordringar: Det var i første halvdel i 2017 ein større restanse på undersøkingar og tiltak. Dette hadde samanheng med bemanningssituasjonen på det tidspunktet. Dette har barneverntenesta arbeidd systematisk med gjennom hausten 2017 for å ta unna. Dette arbeidet vil og føre til stort arbeidspress på tenesta første halvår 2018. Slik situasjonen var sommaren 2017, var det nødvendig å få kontroll på restansane i undersøkesakene. Samstundes var det eit stort behov for å utvikle tiltaksarbeidet for å kunne gi barna den hjelpa dei har rett på. Å arbeide med restansar i undersøkesarbeidet og samstundes utvikle tiltaksarbeidet var krevjande, men nødvendig.

Barneverntenesta har hausten 2017 utarbeidd ein kompetanseplan for 2018. I denne fokuserer ein på kompetansebygging knytta til utgreiingsarbeid og endringsarbeid i familiar. Rundt barna kommunen har plassert og som kommunen har under omsorg, har det vore arbeidd systematisk med krevjande saker.

Barnevernstenesta skulle i 2017 hatt meir tid til å arbeide med systemutvikling på sakshansamarsystemet ACOS og internkontroll, men grunna høgt press på tenesta har det ikkje vore mogleg å arbeide så godt med dette som ynskjeleg. Samstundes har tenesta kursa seg på ACOS, utvikla internkontrollsystem, og utarbeidd kompetanseplan for tenesta. I 2017 har ein prøvd å etablere gode samarbeidsrutinar med samarbeidspartnarar og er i ferd med å lukkast med dette arbeidet. Det har i 2017 vore ein vekst i utgiftene. Hovuddelen av dette har vore knytta til barn kommunen har omsorg for, samt innleige av ekstern sakshandsamar. Det er grunn til å tru at veksten i utgiftene vil halde fram i 2018. Dette er i hovedsak knytt til kjøp av tenester som gjeld endringsarbeid i familiar, opplæring av personalet, og til utgifter med plasserte barn. Skal denne utviklinga snuast, vil det krevja kompetansebygging hos personale i forhold til endringsarbeid i familiar, og at det vert arbeidd systematisk med barn som er plassert og under omsorg. Ein må og sikre ei stabil personalgruppe i tenesta.

Frå sentralt politisk hald kjem det signal om at ingen barneverntenester i kommunane bør ha mindre enn 5 tilsette, i dag er arbeidspresset i tenesta stor.

Helseavdelinga

2320 SKULE OG HELSESTASJON:

Austrheim har to helsesøstre, leiande helsesøster i 100% stilling og ei helsesøster med 60% stilling i Austrheim. I tillegg kjøper Fedje 40 %. Det har blitt auke i oppgåver, mellom anna som gjeld flyktingearbeid. Det er fødd 24 barn i 2017, 5 i Kaland krins og 19 i Årås krins

Styrking av skulehelsetenesta i AVS er starta og sauca vidareført i 2018. Helsesøstrene har gjennomført kurs, deltatt i forskningsprosjekt i AVS og vore med i tverrfaglig arbeid med å etablere sanseløype sammen med PU, kultur og teknisk.

I tillegg har det vore gjennomført meistringskurs i 9.klasse på Kaland skule.

Legekontoret har tatt over delar av det merkantile arbeidet ved Helsestasjonen.

Det er starta samarbeidsmøte mellom flyktingetenesta, psykisk helse, legekontoret og helsestasjonen.

2330 NÆRINGSMIDDELKONTROLL/TEKNISK HYGIENISK INGENIØRTENESTE:

Dette er ei interkommunal teneste med Lindås kommune som vertskommune. Det er tilsett teknisk hygienisk ingeniør i 100 % stilling. Det har vore fleire samarbeidsmøte og gjennomført oppfølging av godkjenning av skular og barnehagar samt badeplassundersøkingar.

I tillegg eit smitteoppsporingsoppdrag i fellesskap med Legetenesta og Folkehelseinstituttet og solariekontroll i regionen.

2331 PSYKIATRITENESTA:

Fagleiar, psykiatrisk sjukepleiar 100 %. Psykolog i 100 % stilling delt mellom Fedje 20% og Austrheim 80 %. Dette er ei stilling delfinansiert med statlege utviklingsmidlar.

Tenetsta tilbyr lavterskeltilbod retta mot menneske med psykiske lidingar og konsekvensar av dette for pasient og familien. Målet er å fremme kjensle av sjølvstende, det å høyre til og meistring i alle aldersgrupper

Barn og unge er prioritert, men for alle vert det sikta mot behandling, oppfølging og koordinering for dei med langvarige og store funksjonstap t.d. ved krisar, depresjon og angst. Samarbeid med andre kommunale aktørar og spesialist helsetenesta inngår.

Det vert vektlagt relasjonsarbeid, kontinuitet, det å vere tilgjengeleg gjerne på brukaren sin arena.

Eit mål er å halde seg fagleg godt oppdatert. Det vert arbeidd med å lage struktur på tilbakemelding frå brukar for i større grad å kvalitetssikre tenesta.

Psykiatrisk sjukepleiar/Fagleiar har hatt oppfølging av 61 personer i 2017. Ho deltar i psykososialt kriseteam og samarbeider bl.a. med fastlegar, NAV, helsesøstrene, flyktingetenesta og er medlem av DPS – rådet samt i rådgjevande utval for AUFERA.

Psykologen fekk i alt 47 nye saker i 2017 med hovedvekt på angst, depresjonar, oppfølgingsbehov ved livsbelastningar, emosjonelle vanskar, utagging, relasjonelle vanskar samt spiseforstyrrelsar.

25 av sakene blei avslutta i 2017, resten er aktive vidare.

Fagutviklingsmessig har psykologen månadleg rettleiing. Ho deltar på faste nettverksmøte, har deltatt på fleire kurs og har starta på spesialiseringa innan faget.

Kommunepsykologen er medlem i kommunane sitt Psykososiale kriseteam.

2410 LEGETENESTA:

Omfattar daglegevakt lokalt, interkommunal legevakt med Lindås som vertskommune og tilsynslegetenesta på Nordliheimen , skule- og helsestasjonslegeverksemd og fastlegetilbodet.

I tillegg vert det utført offentlege kommunelegetenester.

Bemanninga er

Fastlegar 200 %, Turnuslegar 200 %, Kontorleiar 100 %, Sjukepleiar 100 %, og Helsesekretær 260 %.

Gjennom året har det vore både kortare og lengre sjukefråvære mellom fleire av yrkesgruppene, det har vore gjennomført permisjoner(utdanning/farskap) og det har vore vakanse i stillingar.

I alt har dette vore kostnadsdrivande samstundes som inntektsgjevande arbeid blei redusert.

Det har vore arbeidd aktivt for å sikre best mogleg teneste også i denne perioden som har vore krevande for alle.

Legetenesta arbeider i aukande grad tverrfagleg internt i kommunane sine avdelingar og mot spesialisthelsetenesta, NAV, og samarbeidskommunar inkl. legevakta for å ivareta stadig sjukare pasientar, utføre i aukande grad diagnostikk, kontrollar og gjennomføre tiltak i tråd med Samhandlingsreformen som i alt overfører betydelege oppgåver til kommunen.

Samstundes aukar oppgåvene administrativt ved oppgaveoverføring i organisasjonen i tillegg til behovet for dokumentasjon og ulike erklæringar.

Hovedmålet er å sikre riktige tiltak til riktig tid for alle pasientane og samstundes utnytte ressursane best mogleg. Det er også vektlagt at legetenesta er fleksibelt tilgjengeleg for pasientane i Pleie og omsorgsavdelinga.

Gjennom året er det gjennomført kursing og deltaking i regionalt Helseutval, i Samarbeidsutvalet for Helseforetaket, der ei rekke samarbeidsavtalar og overordna strukturendringar i helsetenesta vert forhandla.

2411 INTERKOMMMUNAL LEGEVAKT

Lindås er vertskommune for tenesta som vert utført i Legevaktlokala i Knarvik og sporadisk ved utkøyring med uniformert legebil. Tilbodet omfattar og kommunale akutt døgnseger.

Austrheim kommune er med i daglegevakt her etter avtale og turnuslegene våre deltar i vaktene.

2412 FYSIOTERAPI

A). Kommunal fysioterapitjeneste: Leiande fysioterapeut 100% og Fysioterapeut 40% utfører arbeidet nær brukarane (skule, barnehage og for brukarar i heimen), men i hovudsak vert det utført på instituttet i Nordliheimen.

Talet behandlingar er med variasjonar stabil gjennom dei siste 4 åra. Fokus på barn, lindrande behandling, alvorleg skade og sjukdom, gravide og sjukemelde eller dei som står i fare for sjukemelding. Barn utgjør 15 % av pasientkontaktane i 2017.

Hjelpemiddeltilpassing, utprøving og formidling, helsefremjande og førebyggjande arbeid. Dette føregår som herretrim, dametrim og i ei balansegruppe. I tillegg deltaking i temakafe for kreftramma samt kvardagsrehabilitering inngår i arbeidet. Etter nye eigenandelsreglar har inntekta gått opp.

B). Privat avtale-fysioterapeut 100 % med driftstilskot. Han har institutt i egne lokaler i Mastrevik

Dette er ei svært stabil teneste der det vert ytt stadige aukande behandlingsomfang og tilbodet omfattar muligheit for instruert eigentrening.

Det er tett samarbeid mellom legane og fysioterapeuten med regelmessige tverrfaglege møte for gjensidig oppdatering generelt og om konkrete pasientar.

Pleie og omsorgstenesta 2017

Pleie og omsorgstenesta hadde eit utfordrande år i 2017. Fokuset har vore å levere gode og forsvarlege tenester innanfor dei budsjetttrammene avdelinga hadde til disposisjon. Personalet har sett si æra i å gjere ein god jobb hos brukarane både på Nordliheimen og rundt omkring i den enkelte heim.

TENESTER:

Nordliheimen:

Sjukeheimen har hatt fullt belegg i heile 2017 og til tider overbelegg .

Arbeidspresset på tilsette har vore stort. Det har vore god stemning blant bebuarar og personale. Det har vore aktivitetar for bebuarane heile året. Prøysenkveld, juletreffest og mange andre gode ting. Seniordans, spelemann Jan Foss og ikkje minst vekas høgdepunkt på fredag: Bingen. Personalet har hatt fokus på ernæring og på rette medisinar. Tenestene vi gav, var i tråd med nasjonale føringar.

Heimesjukepleien har hatt eit travelt år. Det har vore mange sjuke brukarar. Mange trong meir og omfattande hjelp enn tidlegare. Behovet for avanserte tenester var stor. Dei tilsette har hatt mange kreftpasientar. Personalet må få ros for at dei gav mange brukarar og familiar tryggleik og forståing.

Heimeteneste 2 har hatt stor aktivitet. Vi har 4 tiltak som vi gav kontinuerlege tenester gjennom heile året.

Me hadde statleg tilsyn på tenester til utviklingshemma i september 2017. Fylkesmannen konkluderte med at vi hadde gode og forsvarlege tenester. Vi hadde brukarmedvirkning som ein raud tråd i våre tenester. Det var god attest å få for den jobben vi gjorde.

HANDLINGSPROGRAM:

Pleie og omsorgstenesta arbeider med å ha rett person på rett plass til rett tid.

Det dreier seg om kompetente medarbeidarar-vi har heile tida fokus på kompetanseheving.

Vi arbeider etter forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstenesten. Det vil seie at vi interkontroll er sentralt for organisering av tenestene. Brukarane skal ha vedtak på tenster. Dei skal få svar på søknader.

MÅLOPPNÅING:

Det er vanskeleg å måle kvalitet. Vi kan ikkje seie at får vi ikkje klager frå brukarane, har vi gode tenester. For å måle resultat i våre tenester er ofte subjektivt. Når vi får på plass «Betre kommune.no» har vi eit redskap til å måle meir spesifikt korleis brukarane opplever våre tenester. Om vi er dyktige, presise og høflige . Og ikkje minst om vi syner dei respekt og verdighet.

Ved tilsyn frå fylkesmannen får vi vurdert tenestene våre på ein god måte. Og vi får tilbakemelding på korleis vi utfører tenester opp mot lover og forskrifter.

UTFORDRINGAR:

Utfordringar vi hadde i 2017 var mange. På slutten av året hadde vi eit stort sjukefråver og sleit med å ha nok kompetanse på plass.

I tillegg er det klart at økonomien var stram og vi gjorde det vi kunne for å kome i balanse.

ØKONOMISK RESULTAT:

Pleie og omsorgstenesta er stor og kompleks. Dagane kan vera utforutsigbare. Nye brukarar kan gje store utfordringar.

Vi leiarane hadde stort fokus på budsjett og tildelte ressurser. Og vi meiner at vi gjorde ein god jobb med å fordele ressurser og drifte fornuftig.

Korleis det økonomiske resultatet endte for 2017, veit vi når vi får refusjon for ressurskrevande brukarar på våren 2018.

For andre avdelingar enn heimeteneste 2 var vi ca. i balanse.

PERSONALET/ARBEIDSMILJØ:

Eg må rose personalets innsats i avdelingen. Kvar arbeidsplass hadde stort fokus på gode tenester og at brukarane har gode liv.

Personalet ønsker ofte kurs og fagleg påfyll. Det er ikkje alltid enkelt i ein stram økonomi. Men vi gjennomførte fleire samlingar med kompetanseheving.

Vestlia hadde fokus på palliasjon. Fleire ansatte var i gong med demesomsorgens ABC.

Vi fekk utdanna ein stomisjukepleiar. 2 helsefagarbeidarar tok fagskule i rus/psykiatri.

Vi fekk 2 nye helsefagarbeidarar.

I tillegg startet 16 ansatte med velferdsteknologiens ABC.

Etterspurnaden er stor i vår avdeling for utdanning.

Vi har alltid eit levande arbeidsmiljø. Eit godt arbeidsmiljø gjer seg ikkje sjølv, her har kvar og eine eit ansvar for å bidra med ei positiv innstilling for alles beste.

Me fekk på plass fagkoordinator i Vestlia frå 01.08.2017. Det var eit godt tilskot i tenester til utviklingshemma.

I tillegg fekk vi på plass økonomikonsulent i pleie og omsorgstenesta med base på Nordliheimen frå 01.09.2017. Det har personalet merka positivt. Dette har vore ein sakna stilling i avdelinga.

Pleie og omsorgstenesta vart med i nettverk for leiing av pasienttryggleik i 2017. Vi ser for oss at det skal gje gode og trygge tenester til brukarane og gode rutiner og standarder for personalet.

Vi spurde brukarane våre kva som er viktig for dei.

Det er ein viktig indikator for framtidig planlegging av tenester.

NAV sosial

1. Tenester

- -Teneste 2420 Sosialrådgiving og rettleiing
- -Teneste 2421 Edruskapsvern
- -Teneste 2423 Flyktningskonsulent
- -Teneste 2810 Økonomisk sosialhjelp
- -Teneste 2530 Tilbod til personar med rusproblem

2. Handlingsprogram

VISJON: VI GIR MENNESKE MULIGHEITER

Vår nye virksomhetsstrategi definerer følgende innsatsområdene for de neste 10 årene:

- Arbeid først
- Påliteleg forvaltning
- Aktive brukarar
- Kunnskapsrik samfunnsaktør
- Løysningsdyktig organisasjon

Lov om sosiale tenester kap.1

Formål: "Å fremme økonomisk og sosial tryggleik" Det inneber retten til arbeid som rettesnor for all vår hjelp og bistand.

Mål.

Målsetjinga med arbeidet som vert utført, er å oppfylle intensjonane i lovverk, ha fokus på arbeid og sikre at brukarane av tenestene får rett hjelp til rett tid.

Teneste 2420. Sosial rådgjeving og rettleiing.

Her ligg utgiftene til lønn og personalkostnader. 2017 er første året med to 100 % stillingar ved kontoret. Dette året har det vore 5 personar innom i desse to stillingane. Grunnane har vore svangerskapspermisjon og overgangar til anna stilling. Dei to som no har stillingane, er no fast tilsette.

Teneste 2810 økonomisk sosialhjelp


Dei rettleiande retningslinjene er fastsett med fylgjande satsar per måned frå 1. januar 2017. Austrheim fylgjer desse satsane.

	2016	2017
Einsleg	kr. 5 850	Kr. 5 950
Ektepar/sambuarar	kr. 9 750	Kr. 9 950
Person i bufellesskap	kr. 4 850	Kr. 4 950
Barn 0-5 år	kr. 2 250	Kr. 2 300
Barn 6-10 år	kr. 2 950	Kr. 3 000
Barn 11-17 år	kr. 3 800	Kr. 3 900

Rekneskapet syner denne utviklinga:

	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Administrasjon	874 000	959 000	1 070 000	825 000	1 021 000	1 271 000
Ytelse til livsopphald	1 034 000	776 000	1 534 000	2 501 000	2 881 000	4 114 000

Grafisk kan dette framstillast slik:



Auken i utbetaling til livsopphald ser ein har auka sterkt. Arbeidsløyse og flyktingar som er ferdig med Introduksjonsprogrammet er viktige årsaker.

Gjeldsrådgjeving

På grunn av bemanninga dei to siste åra, har dette vore utført av Meland Nav. Frå hausten 2017 blir alle nye saker sakshandsama ved kontoret i Austrheim. Oppfølging av nokre eldre saker ligg endå til Meland Nav.

Kvalifiseringsprogrammet.

I løpet av året er ein flykting teken inn i dette programmet. Det fungerer som lønstilskot i utprøving i ein kommunal arbeidsplass.

Flyktingetenesta.

Første flyktingekonsulenten vart tilsett sommaren 2013. Etter kvart vart ei 50% av eine lærarstillingane gitt ansvar for å administrere introduksjonsprogrammet. Etter kvart som fleire flyktingar kom inn i Introduksjonsprogrammet, var det behov for å utvida stillingane. Frå 1.1 2017 har det vore to heile stillingar som har det samla ansvaret for flyktingetenesta og Introduksjonsprogrammet. Dette er engasjementstillingar som varer ut 2019. Kommunen mottek midlar til introduksjonsstønad, og til livsopphald for flyktingane. I tillegg vert det gitt statleg tilskot til å finansiere norskopplæringa.

Kulturavdelinga

Tenester

Kulturavdelinga femnar om allment kulturarbeid (255) , tenesteområda kulturskule (250) og bibliotek (251).



«Alle kommuner skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknytningstilskoleverket og kulturlivet elles».

Austrheim kulturskule har tilbod om:

- Babysong
- Barnekor Tiriltunge og aspirantkor
- Visuell kunst, teikning og måling
- Piano/Keyboard
- Gitar
- Band
- Sal av dirigent- og instruktørtenester til Austrheim skulekorps, Kaland skulemusikklag og Austrheim Songlag



Biblioteket er ein lovpålagt teneste og kvar kommune skal ha eit folkebibliotek.

Formålet står i Lov om folkebibliotek. Skulebiblioteket er lovpålagt jf Opplæringsloven.

- Folkebiblioteket har ansvar for skulebibliotek på Kaland barne- og ungdomsskule. Fønnes filial er eit kombinasjonsbibliotek på skulen.
- Folkebiblioteket har ansvar for skulebiblioteket til Årås skule. Det er eit kombinasjonsbibliotek på hovudbiblioteket.
- Biblioteket har avtale om drift av skulebiblioteket på Austrheim Vidaregåande skule.

Folkebiblioteket skal per lov vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt. I samarbeid med biblioteka i Nordhordland og fylkebiblioteket har vi fått midlar til arenautvikling og turnèr. Austrheim folkebibliotek tek del i «Rom for møte», eit samarbeidsprosjekt mellom Bergen off. bibliotek, fylkebiblioteket og felles innvandrarråd i Hordaland. Prosjeket er støtta av Gjensidigestiftelsen.

Ansvar 255, Anna kultur

- Den kulturelle skulesekken (DKS)
- Den kulturelle spaserstokken (DKSS)
- Ungdomsklubb
- Tiltak barn/ungdom (tilskot til lag/org.)
- Ungdommens kulturmønstring (UKM)
- Naturforvaltning og friluftsliv
- Kulturminnevern
- Kino
- Kulturvern og samlingar
- Idrettsbygg
- Kultur dagar (annan kvart år, partal)
- Kystsogedagar
- Kulturbygg/forsamlingshus (tilskot)
- Allmenne kulturføremål (kulturmidlar, dugnadsmidlar m.m)

Arbeid med ungdom

Ungdomsklubben



Ungdomskoordinator jobbar for ulike fritidsaktivitetar for målgruppa 8. klasse til 2. vgs. Har kontakt med ulike lag og organisasjonar for å samarbeide om tilbod til ungdom. Folkehelse for barn- og ungdom ligg også til stillinga.

Austrheim ungdomsklubb har tilbod om 2 faste klubbkveldar i veka, tysdag og torsdag kl: 18.00 – 22.00.

I tillegg er det open hall i skuleferiar. Ungdomsklubben står for ulike arrangement, samt gjer dugnad heile året.

Ungdommens kulturmønstring (UKM) arrangerast saman med Radøy, Fedje, Meland, Lindås og Masfjorden. Meland hadde hovudansvaret i 2017 og mønstringa var på folkehøgskulen på Meland. Fylkesmønstringa var i Grieghallen.

Ungdomsrådet

Ungdomskoordinator er sekretær for ungdomsrådet. Som vanleg starta ungdomsrådet 2017 med Karneval for dei minste. Det var rekord med over 300 austrheimingar på Karnevalet. Eit arrangement i samarbeid med ungdomsklubben. Ungdommane arbeidar frivillig. Ungdomsrådet arrangerer "mjuk skulestart" for 8.-10. klasse. Dei spanderte lunsj på alle som deltok over to dagar på Mastrevik kai.

Friskus

Kulturavdelinga og Heimeteneste II samarbeider om turar som er tilrettelagt. Det vert laga turprogram med månadlege Friskus turar. I tillegg til turar er det måndagsklubb med middag og aktivitetar i Ungdommens hus for Friskusane.

Handlingsprogram/ 3. Måloppnåing/4. utfordringar

Vi følgjer opp handlingsprogrammet i Verksemdsplana 2017-2019 for avdelinga «Kulturen, limet som bind oss saman».

Mål for avdelinga:

- *Kulturavdelinga vil gje ulike kulturtilbod av god kvalitet. Stimulere til utvikling, aktivitet og trivsel for alle i Austrheim kommune. Vi har eit særleg ansvar for tilbod til barn og ungdom.*
- *Medarbeidarane skal oppleve arbeidet meiningsfylt og skapande, og arbeidssituasjonen skal vere trygg og tillitsfull.*

Kulturskulen har ikkje ressursar til nye tilbod, og til å lage kulturskuleplan i samsvar med ny rammeplan. Kulturskulen har ventelister på gitar og piano og klarer ikkje å oppfylle nasjonale krav om å utvikle minimum tre tilbod ut over dei tilboda vi har i musikk. Desse tilboda kunne vera dans og drama. Skulen registrerer også eit stort behov for vokalundervisning. Lokalet til kulturskulen er pussa opp, men framleis er det ein del som gjenstår. Kulturskulen er synleg i lokalsamfunnet, og barnekoret har framført «Kardemommeby» og teke del på ulike arrangement, sommar- og julekonsert. SparebankenVest deler ut til gode prosjekt i lokalmiljøet, «Hjartebank for Nordhordland». Barnekoret Tiriltunge var prisvinnar (samt Austrheim Symjeklubb og fleire lag frå Nordhordland).

Biblioteket har altfor få ressursar til aktiv formidling av litteratur, og til å framstå som ein uavhenging

møteplass og arena for offentleg debatt. Vi har gjort det vi kan for effektiv drift med å samle «skulebibliotek og folkebibliotek». Vi tilpasser medieinnkjøpet etter behov, og har m.a redusert innkjøp av tidsskrift og DVD.

Vi har ikkje kunne starte med utlånsautomat. Vi søker om utviklingsmidlar og tek del i prosjekt. God kveld Austrheim, med Syrisk- og Somalisk aften var ein suksess. Vi har fokus på integrering. Biblioteket ønskjer å stimulere til meir lesing og leseglede.

Statistikk 2017: reduksjon i utlån av anna media, mens utlån av bøker til barn/ungdom har liten auke.

Anna kultur: vi har ikkje fått ferdig kulturminneplanen. Avdelinga søker om ulike tilskot og vi klarer derfor med liten eigeinnsats å skape stor aktivitet. Vi har fokus på å følgje opp planen «Fysisk aktivitet, Idrett og friluftsliv».

- RS-ung Austrheim og Gulen er etablert, og samarbeider med Radøy RS-ung
- HavGlede 2017, ein havsportsfestival i samarbeid med ungdomskoordinator, ungdomsklubb, ungdomsråd og Nordhordland dykkarklubb. Dette er ein havsportsfestival der aktivitetane skal vere gratis eller koste minst mogleg. Det var svært vellykka og det er ønskje at HavGlede vert årleg.

Visjonen til Austrheim ungdomsklubb og ungdomsråd med HavGlede er:
«HavGlede skal inspirera til at barn og unge ser på havet som ein ressurs og ein fritidsarena»
Det er laga eige rapport for HavGlede 2017.

- Tilrettelegging av tursti/turveg/Steinaldersti
- Opning av Vardetangen DiscGolfPark



Frisbee-bana i Årvika er opna. Foto: Anita Soltveit.

Det er ein utfordring å nå publikum med informasjon, og vi må bli flinkare til å bruke Facebook og andre informasjonskanalar. Annonsering i avisar, Kyrkjebakken, og eigne informasjonsskriv/faldarear er kostbar.

Kulturavdelinga må følgje med i tida, og kunne tilby gode fritidstilbod og fremma kommunen som attraktiv kommune å bu i.

Det er lag og organisasjonar som står for det meste av kulturtilbodet i kommunen.

§5 i Kulturlova ramsar opp oppgåver:

a. at kulturlivet har føreseielege utviklingsår

b. å fjernja profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og leggja til rette for deltaking i kulturaktivitetar

c. at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak

Økonomisk resultat

Vi har søkar ulike tilskot og spelemidlar for å oppnå mål om kulturaktivitet av god kvalitet til alle. Tilsegn og utbetaling utgjer nesten 3. mill kroner i 2017.

Meir og meir av budsjettet går til faste utgiftar og løn, og mindre til innkjøp og arrangement. Kulturavdelinga har budsjett disiplin. Vi vurderer behov for vikar ved sjukdom, og kulturavdelinga driftar på sparebluss. Diverre er tilskot til lag og org: tiltak barn og ungdom, kulturmidlar, dugnadsmidlar, m.fl.

sterkt redusert i budsjettet 2017. Ein reduksjon på kr 271.000 utgjer 25,6% minde i tilskot sidan budsjett 2015.



Ein god start kan vere avgjerande. Frå AIL si jubilering i 2017 med familiedag.

Foto: Anita Soltveit

Personalet/Arbeidsmiljø

I kulturavdelinga er vi 12 tilsette i 675% stilling: Kulturskulen 290%, Folkebibliotek 145% (20% reduksjon frå 2016) Skulebibliotek 55%, Anna kultur 185% (20% auke frå 2016). Vi har stor aktivitet i forhold til ressursar. Det er lite tid til planarbeid, administrasjon og forvaltning, og vi prioriterar utadrettet verksemd. Samarbeid er viktig, men møteverksemd tek tid. Dei tilsette i kulturavdelinga har ulik arbeidstid og oppmøteplass. Tilsette i kulturavdelinga er svært fleksible, kreative og lojale ovenfor økonomiske rammer. I 2017 har vi hatt fleire sjukemeldingar og eigemeldingar enn tidlegare.



Strandrydding har vore drive i 2017 med pensjonistklubben Neptun som prosjektleiar. Det vart lagt ned ein imponerande innsats. Dei klarte å engasjere alle aldersgrupper. Her er barn frå Austrheim Kystbarnehage i sving med ryddinga. Foto: Austrheim Kystbarnehage.

Landbruket i Austrheim - Landbruksfagrådet

For perioden 2016 - 2019 har rådet følgjande medlemmar:

	Medlem	Vara
Austrheim kommune	Asbjørn Brandtun – leiar	Reidar Øksnes
Landbrukskvinnelaget	Linda Syslak - nestleiar	Svanhild Neteland
Bondelaget	Per-Kristian Løvmø	Jan Ove Arnø
Saualslaget	Reidar Øksnes	Roy Øksnes
Viltfagrådet	Øyvind Ullestad	Johnny Fønnes

Tema på dagsorden for landbruksfagrådet i 2017:

- Landbruksplanen er godkjent i kommunestyret
- Ope møte om rettar og plikter i landbruket v/ Jordskiftedommar i Lagmannsretten Vidar Bergtun
- Førebuing av temamøte landbruk med kommunestyret
- Mykje orienteringar frå landbrukskontoret til Landbruksfagrådet

Saker som landbruksfagrådet har arbeidd med:

Landbruksfagrådet har hatt 4 møte i 2017

Bruk av statleg løyvde midlar til kulturlandskapet (SMIL) og drenering

Kommunen får tildelt statlege midlar (SMIL = spesielle miljøtiltak i landbrukets kulturlandskap) til fordeling til aktive bønder som gjer særskilt innsats for kulturlandskapet. For 2017 fekk kommunen tildelt kr 80.000. Til drenering fekk kommunen løyvd kr 10 000. Alle pengane vart løyvd. Det vart overført ein betydeleg sum unnytta dreneringsmidler frå Radøy til Austrheim i 2017.

Kommunale midlar avsett tiltak i landbruket i Austrheim

Det var avsett 40 000 kr i budsjettet til Austrheim kommune i 2015 til tiltak i landbruket. For 2016 var det ikkje avsett kommunale midlar til landbruket. Det vart avsett kr 200.000 til landbruket i 2017. Det er ikkje sett av pengar til tiltak i landbruket i 2018.

Status for jordbruksareala i Austrheim kommune 2017

Status for jordbruksareala i Austrheim kommune i 2017. Tala er i m ²				
Alt areal	2 731	963	2 247	5 941
Areal i drift	2 659	857	1 734	5 250
Areal ikkje i drift	72	106	513	691
Areal drive av bruk i andre kommunar	398	44	84	526
Areal drive av bruk i Austrheim	2 261	813	1 650	4 724

Leveranse av mjølk, kjøt og ull til meieri og slakteri i 2017 frå Austrheim kommune

Liter mjølk	342 220
Kg kjøt, sau	22 194
Kg kjøt storfe	71 076
Kg ull	1 137

Sluttkommentar :

Det er ein positiv trend i Austrheimlandbruket. Mange interesserte ungdommar. God rekruttering, godt fagmiljø. Eit aktivt Landbruksfagråd.



Fonnes Bygdelag sitt arbeid med aktivitetsområdet i Årvika, er imponerende. Her er aktiviteten stor rundt frisbee-bana.

Foto: Anita Soltveit.

Plan, byggesak, oppmåling og miljø

Tenester

Avdelinga arbeider med forvaltningssaker etter plan- og bygningslova og anna lovverk.

Handlingsprogram

Avdelinga gjennomførte byggesakshandsaming, delingssaker, kommunale og private arealplanar. oppmålingstenester/kartforretning. Matrikkelføring og seksjonering/adressering i tillegg til miljø saker og private utslepp var og viktige oppgåver.

Planar ferdig godkjente i 2017 var:

- Kommunedelplan VA- Hovudplan for vassforsyning og avløp i Austrheim 2017-2027.
- Planendring reguleringsplan for Kaland-Fonnes del av gnr 130 og 131 (omsorgsbustadar).
- Detaljreguleringsplan Fv. 57. Parsell Austrheim grense – Mongstadkrysset.
- Planendring for «Detaljregulering Søre Neset».
- Planendring for Detaljregulering Mastrevik nærings- og bustadområde – gbnr. 142/9 m.fl.
- Overordna heilskapleg risiko- og sårbaranalyse for Austrheim kommune. KommuneROS Austrheim.
- Overordna Beredskapsplan.

Avdelinga har i 2017 arbeid med desse plansakene:

- Austrheim kommune sin arealdel av kommuneplanen vart sendt ut på andre gongs offentleg ettersyn i desember 2017, samfunnsdelen vart godkjent i 2015.
- Oppstartarbeid med detaljreguleringa for næringsområde og småbåthamn på Langøyyna.
- Oppstart av detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - gnr 130 og 131.

Andre arbeidsoppgåver:

Avdelinga følgjer opp arbeidet med trafiksikker kommune og trafiksikring. Dette er eit pågåande arbeid som aldri tek slutt. Avdelinga har elles fått på plass naudsynte sal- og kjøpsavtalar av areal. Tilsette har og hatt ansvaret for IKT og innføring av nye telefonar i 2017. Me har arbeidd med sal av kart og leveransar via Infoland.

Tilsette på avdelinga har også arbeidd med beredskap og øvingar og utarbeidd ROS-analysar. I tillegg til overordna ROS er det utarbeida ny overordna beredskapsplan, evakueringsplan, samt ein rekke tiltakskort. Tilsette på avdelinga har og arbeidd med oppdatering og innføring av eige-domsskatt.

Tilsette deltok vidare i prosjektet «*Ta vare på matjorda*» som fekk økonomisk støtte frå Hordaland Fylkeskommune i 2017. Avdelinga har og leia arbeidet med å få på plass forprosjekt for ein framtidretta barnehage på Kaland. Avdelinga saukae støtte frå ENOVA til to trippel hurtiglade-stasjonar ved kommunehuset, kommunen mottok ei løyving på kr. 400.000 til dette.

Avdelinga deltek i det interkommunale samarbeidet Nordhordland Digital. Me deltek i arbeidet med å få på plass ei regional forskrift for separate avløpsanlegg. Ein tilsett på avdelinga deltek på studier om offentleg sektor. Avdelinga samarbeider nært med mange offentlege instansar, kollegaer og innbyggjarane i kommunen.

Tilsynsmyndet i Austrheim er underlagt denne avdelinga. Avdelinga gjennomførte 14 aktive byggjetilsyn i 2017, 9 tilsyn med ansvarsrett, 3 tilsyn i saker utan ansvarsrett og to tilsyn i saker utan krav til søknad. 5 av tilsyna har medført vidare oppfølging frå kommunen. 4 av tilsyna har vore med nye bustadhus. Ressursbruken er ca. 0,1 årsverk. Byggestilsynet har følgd tilsynsstrategien som politikarane vedtok for 2017.

Avdelinga arbeidde med prosjekt strandrydding i 2017. Til saman fekk kommunen gjennom søknadsprosessen inn kr. 395.000 til dette arbeidet i regi av organisasjonen Neptun. Om lag ¼ av innbyggjarane i kommunen har delteke i denne dugnaden.

Måloppnåing

Avdelinga klarar å gjennomføra forvaltingsoppgåvene sine. Me får god tilbakemelding frå innbyggjarar og næringslivet på tenestene våre. Avdelinga får gode tilbakemeldingar frå politisk nivå på forvaltingsarbeidet me gjer. Rekneskapsmessig kom avdelinga ut nokolunde på budsjett.

Utfordringar

Halde på fagfolka våre (ingeniørar og jurist m.m.) Vidareutvikla eininga plan, byggesak, oppmåling og miljø. Endringane i lovverket om søknadsplikt gjev reduksjonar i inntekt på byggesak, men meir arbeid med tilsyn, informasjon og rettleiing. Kommuneplanarbeidet tek ressursar frå anna utviklings- og planarbeid. Avdelinga har IKT ansvaret i Austrheim kommune, det tek ressursar vekk frå anna arbeid. Planstrategi for 2016-2020 vedteke i kommunestyret må følgjast, det krev ressursar.

Økonomisk resultat

Nettomramma for avdelinga var ca. kr. 2.237.000 i 2017. Det har vore høg aktivitet på avdelinga, omlag 80 plan-, bygge- og delingssaker vart ferdighandsama. Det vart og teke mange oppmålingsforretningar, den oppgåva går ut på å klarleggje, beskrive grenser og rettar til fast eigedom. Det kom inn omlag 1,6 mill kr i gebyrinntekter. Avdelinga hadde ein pluss på kr. 123.000. Det økonomiske resultatet var tilfredsstillande ut frå tal saker som kom inn. Det har vore

mindre byggeaktivitet på grunn av dårlegare økonomi i næringslivet og aukande arbeidsløyse i kommunen.

Personalet/Arbeidsmiljø

På avdelinga arbeider oppmålingsingeniør Alf Kvant. Byggesakshandsamar, beredskapskontakt og øvingsleiar for beredskap Stein Kåre Løvslett. Byggesakshandsamar/jurist Thomas Lindås. Avdelingsleiar er Asbjørn Nagell Toft. Stillinga som kommuneplanleggjarer er vakant.



Årvika badeplass, det treng ikkje vera Sydentemperatur før dei yngste badar. Foto: Anita Soltveit

Teknisk drift

1. Tenester

Budsjettet for denne avdelinga er delt opp i tilsaman 41 tenester. Avdelinga driftar mellom anna vask og vedlikehald på alle kommunale eigedommar.

2. Handlingsprogram

HOVUDMÅL:

Teknisk drift utfører forvaltnings-, drifts-, og utbyggingsoppgåver.

- Forvaltningsoppgåvene er først og fremst lovpålagt sakshandsaming i hovudsak retta mot kommunen sine innbyggjarar.
- Drifts-, og utbyggingsoppgåvene omfattar tenester som gjeld kommunen sine innbyggjarar. Dette er veg, vatn, avløp og brann.
- Drift av Kurs og fritidssenter.
- Drift av kommunal minibuss.
- I tillegg vert det utført tenester for kommunen sine andre avdelingar,. Dette er vaktmeistertenester, reinhald, bygningsdrift og nybyggingsprosjekt, Hovudmålet er å yte gode tenester til rett tid og oppretthalde kompetanse på avdelinga sine ulike tenesteområde.

3. Måloppnåing

ANSVAR 600.

Tekniske tenester, vassforsyning og avløp har i hovudsak vorte utført i samsvar med målsetjingar. Vasskvaliteten har vore tilfredsstillande. Kommunen har innført ny VA norm.

Ein har få klager frå abonnentar.

Vegvedlikehald sommar/vinter er utført i samsvar med målsetjingar og kommunale vedtak.

Brann og beredskap er utført i samsvar med målsetjingar.

ANSVAR 604. DRIFT KOMMUNALE BYGG OG EIGEDOMAR.

Kommunen har 38 bygningar som krev ettersyn og vedlikehald.

Det blir utført fast vaktmeisterteneste på 11 bygg. For dei resterande bygga vert det utført vedlikehald og ettersyn etter behov. I tillegg til dette utfører avdelinga arbeid i tilknytning til nybygging og investeringar.

Målsetjingane for vedlikehaldet er å drifte tekniske anlegg i tråd med bygningen sin bruk og reparere byggskeidar fortløpande.

Målsetjingane er berre delvis oppfylte.

ANSVAR 605 REINHOLD.

Reinhaldet vert utført i eigen regi. Tenesta er organisert som eiga gruppe og eige ansvarsområde under Teknisk avdeling. Det vert utført dagleg reinhald i 16 bygg. Det er auka bruk av fleire bygg som medfører meir vask. Det er framleis behov for tilpassingar og justeringar av arbeidsopplegg og reinhaldsrutinar.

4. Nøkkeltal for verksemda	2016	2017	Skilnad 2016-2017
VASSFORSYNING			
Abonnentar	1048	1063	15
Vassforbruk 1000 m3	415	350	-65
Lengde hovudnett km	58	58	0
AVLØP			0
Abonnentar	621	627	6
Lengde hovudnett km	28	28	0
Reinseanlegg	5	-	
Slamavskiljar, private	713	713	0
BRANNVERN			0

Utrykningar/øvingar/kurs	54	51	-3
Feiing	663	678	15
Tilsyn private hus	188	321	133
KOMMUNALE BYGG	38	38	0
Bygg totalt	38	38	0
Bygg med vaktmeister	12	12	0
Bygg med reinhald	16	16	0
VEGAR			
Veglys	980	980	0
Kommunale vegar km	45	45	0

5. Økonomisk resultat

Oversynet for heile avdelinga syner eit rekneskapsmessig underskot.

Ansvarsområde	
600	-1 266 000
604	407 000
605	-94 000
Sum	-953 000

6. Personalet

Avdeling bygg, anlegg og drift har fylgjande personale:

Teknisk drift	Tittel/fag	Stillingar
Administrasjon, prosjektering og planlegging	Avdelingsleiar	1
	Ingeniør	1
Drifts- og vedlikehaldsarbeid	Arbeidsleiar	1
Bygg, veg, vatn, avløp og uteareal	7 Vedlikehaldsarbeidarar	4,4
Prosjekt	Prosjektilsett	1
Kurs- og fritidssenteret	Driftsleiar	0,4
Bussjåfør	Sjåfør	1
Brann og beredskap	16 brannmannskap	0,75
	6 Befal	
Reinhald	11 reinhaldarar	10,5

Ein har vidareført avtale med eit privat firma om feietenestene i kommunen, Eittårleg avtale.

7. Tverrsektorielt samarbeid

Avdelinga utfører tenester på tvers av alle avdelingar. Avdelinga opplever at samarbeidet er godt og brukarane gjev uttrykk for auka tilfredsheit.

8. Brukarar

- Kommunen sine innbyggjarar. Dette er veg, vatn, avløp og brann.
I tillegg vert det utført tenester for kommunen sine andre avdelingar.



8. mai er eit arrangement som pensjonistklubben Neptun står som arrangør for. Her er bilete av dei to eldste som var med i 2017. Henrik O. Mongstad på 97 år og Nora Hauge på 96 år. Begge var aktive i motstandsørsla under krigen. Vi har mykje å takke dei for. Foto: Anita Soltveit.



Vardetangen, det vestlegaste punktet på Noregs fastland. I 2017 vart det anlagt ein universell tursti ut til punktet. Stien var finansiert av tippemidlar og kommunale midlar. Stien frå Vardetangen til Årvika vart laga av Fønnes Bygdelag med støtte frå Gjensidigestiftelsen. Desse stiane har opna eit fantastisk turterreng for innbygarane og gjestar. Noregs vestlegaste fatslandspunkt er kome til heder og verdigheit! Foto: Helge Dyrkolbotn

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
034/18	Formannskapet	PS	07.05.2018
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Birger Andersen	FE - 212	18/345

Rekneskap 2017

Vedlegg:

Årsrekneskapet for 2017

Framlegg til vedtak:

Årsrekneskap for 2017 vert godkjent slik det ligg føre. Årsresultatet i driftsrekneskapet er kr. 2 182.017,71 i meirforbruk. Meirforbruket med kr. 2 182 017,71 og resten av tidlegare meirforbruket frå 2015 med kr. 3 790 855 skal dekkast inn i 2018 og 2019.

Årsresultatet i investeringsrekneskapet er kr. 0

Note 10, oversikt over låneopptak og unytta lånemidlar, vert godkjent slik han ligg føre og overført til vidare bruk i 2018.

Merknad og innspel frå revisjonsmelding og uttale frå kontrollutvalet vert tatt til fylgje og innarbeidd i det vidare rekneskaps og økonomiarbeid i kommunen.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat, - 7.092.890,86 , seier noko om resultatet etter avskrivningar, men før renter og andre finanspostar er tatt med. I netto driftsresultat (-1.368.699,39) er finanspostane med, medan avskrivningane er «nulla» ut.

Rekneskapsmessig resultat

Regnskapsmessig resultat er det som er igjen av netto driftsresultat etter fondsavsetningar og andre årsoppgjersdisposisjonar. Det fortel om kommunestyret sin planlagte pengebruk og forventa inntekter (budsjett) og faktiske inntekter (regnskap). Driftsresultatet for 2017 viser eit meirforbruk på kr. 2.182.017,71 .Driftsregnskapet for 2016 viser eit mindreforbruk på ca 4,5 millionar kroner og i 2015 var det et meirforbruk på nærare 8,3 millionar kroner.

Rekneskapsmessig resultat på ansvarsområda

Rammeområde	Rekneskap 2 015	Rekneskap 2 016	Rekneskap 2 017	Justert	Budsjett	Endring
				Budsjett 2 017	% avvik i	Rekneskap 16- 17
100 Rådmann	16 510	17 734	17 171	16 800	-2,2	3,2
101 Politisk styring og kontrollorgan	3 231	3 150	3 327	3 355	0,8	-5,6
190 Interne serviceeiningar	4 262	3 671	3 662	3 854	5,0	0,2
200 Administrasjon undervisning	2 266	2 226	1 230	1 758	30,0	44,7
201 PPT og barnevern	10 897	7 720	11 140	9 477	-17,5	-44,3
210 Årås skule	22 582	22 534	21 770	23 191	6,1	3,4
211 Kaland skule	13 353	12 820	12 831	13 280	3,4	-0,1
220 Austrheim kystbarnehage	12 682	12 977	14 480	13 540	-6,9	-11,6
221 Kaland barnehage	8 151	8 549	9 792	9 436	-3,8	-14,5
250 Musikk- og kulturskule	1 536	1 615	1 675	1 769	5,3	-3,7
251 Bibliotek	1 336	1 404	1 434	1 548	7,4	-2,1
255 Anna kultur	2 067	2 449	1 892	2 000	5,4	22,7
290 Undervisning og arbeidssenter	1 561	1 441	1 306	1 200	-8,8	9,4
300 Administrasjon helse og sosial	669	552	929	1 102	15,7	-68,3
301 Helsetjeneste	6 807	10 917	12 310	12 971	5,1	-12,8
302 Sosiale tjenester	6 213	8 737	11 631	10 800	-7,7	-33,1
330 Nordliheimen	20 626	20 915	22 457	22 609	0,7	-7,4
331 Kjøkken Nordliheimen	3 419	3 428	3 519	3 660	3,9	-2,7
332 Heimetenester I	9 740	10 380	10 698	10 833	1,2	-3,1
333 Heimetenester II	8 124	8 847	10 172	8 783	-15,8	-15,0
500 Plan,byggesak,miljø	1 325	1 982	1 817	2 237	18,8	8,3
501 Interkomm.landbruk/veterinær	757	479	490	725	32,4	-2,3
600 Administrasjon teknisk	-994	-573	-498	-739	32,6	13,1
604 Eigedomsavdeling	8 595	7 981	7 965	7 561	-5,3	0,2
605 Reinholdsavdeling	5 417	5 764	5 821	5 823	0,0	-1,0
TOTALT	171 130	177 699	189 020	187 573	-0,8	-6,4

Avvik i forhold til justert budsjett 2016

Samla meirforbruk var - 0,8 %. Dette vil sei eit totalt underskot på driftsområda i forhold til justert budsjett med nærare 1,5 millionar kroner.

